



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2006–2007)

Datatilsynets og Personvernnemndas årsmeldingar for 2005



Innhald

1	Fornyings og administrasjons- departementets innleiing	5	Personvernemndas årsmeldingar for 2005	10
2	Fornyings og administrasjons- departementets merknader til Datatilsynets årsmelding for 2005	8	4 Administrasjon og ressursar	10
3	Fornyings og administrasjons- departementets merknader til		Vedlegg	
			1 Datatilsynets årsmelding 2005.....	12
			2 Personvernemndas årsmelding 2005.....	42



DET KONGELEGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 8

(2006–2007)

Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2005

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 20. oktober 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Fornyings og administrasjonsdepartementets innleiing

I 1890 uttalte Louie Brandeis – som seinare blei amerikansk høgsterettsdommar – at retten til å få vere aleine er den mest omfattande av rettar, og den retten som er mest verdsett av det siviliserte mennesket.

I 2005 viser ei undersøking av befolkningas haldningar til og kunnskapar om personvern at 60 prosent av eit representativt utval av den norske befolkninga ikkje har reflektert over at det finst personopplysningar om dei, eller ikkje bryr seg om at det finst opplysningar om dei.

Kva er årsaka til den svært ulike oppfatninga av behovet for og verdien av at å kunne halde visse personopplysningar for seg sjølv? Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar gir oss nokre moglege svar på dette. I tillegg gir årsmeldingane til saman ei god oversikt over trendar og utfordringar på personvernområdet.

Personvernåret 2005

Omgrepet *personvernåret 2005* blei lansert i St.meld. nr. 43 (2003-2004) *Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2003* for to år sidan, og året som gjekk *har* vore viktig i personvernssamanheng. Både personvernlovgivinga i Noreg og Datatilsynet fylte 25 år i fjor. Departementet meiner det er positivt at Datatilsynet valde å feire jubi-

leet ved å setje i verk tiltak for å skape merksemd og refleksjon kring ulike sider ved personvern og privatlivets fred. Eitt av tiltaka var utgiving av boka «*Fra tillit til kontroll – tolv samtaler om politikk, teknologi og personvern*». I boka blir det gitt att samtalar Datatilsynets direktør har hatt med engasjerte og reflekterte medborgarar i inn- og utland om ulike problemstillingar knytte til personvern. Boken er ein tankevekkjar, og departementet oppmodar dei som er opptekne av personvern og som ikkje allereie har lese boka til å gjere dette.

Datatilsynet har jobba aktivt med rekruttering av personvernombod, og i 2005 auka talet på personvernombod kraftig. Vidare starta arbeidet med etterkontroll av personopplysningsloven og –forskrifta opp. Det blei gjort ei omfattande undersøking om befolkningas og verksemders kunnskapar og haldningar til personvern. Det blei dessutan gjort ei omfattande kartlegging av elektroniske spor. *Personvernåret 2005* er over, men resultatane frå dei nemnde undersøkingane og trendar ved personvernutviklinga skisserte i Datatilsynets årsmelding, viser at arbeidet med bevisstgjerjing og styrking av personvernet til kvar enkelt stadig blir viktigare.

Undersøking om befolkningas og verksemders haldningar til og kunnskapar om personvern

Departementet og Datatilsynet fekk i 2005 gjennomført ei personvernundersøking om haldningar til og kunnskapar om personvern blant folk og verksem-

der. Det var då over åtte år sidan det i Noreg blei gjennomført ei personvernundersøking av eit slikt omfang. Undersøkinga blei gjennomført som to separate undersøkingar: Den eine undersøkinga retta seg mot eit representativt utval av befolkninga (befolkningsundersøkinga), den andre mot verksemdar (verksemdsundersøkinga). Analysen blei utført av Transportøkonomisk institutt (TØI), jf. TØI-rapportane 789/2005 og 800/2005.

Generelt om personvernundersøkinga

Befolkningsundersøkinga viser at folk tek lite ansvar for sitt eige personvern. Dette trass i at personvernregelverket legg opp til at det i stor grad er opp til kvar enkelt å ta vare på sitt eige personvern gjennom bl.a. å gi informert samtykke. Svært få av oss nyttar retten til innsyn, retting og sletting av eigne personopplysningar. Folk lit i stor grad på at *andre* tek vare på personvernet for dei og at personverninteressene til kvar enkelt blir varetekne av lovar, reglar og av Datatilsynet. Det er stor tillit til korleis ulike offentlege organ og private verksemdar behandlar personopplysningar. Særleg offentlege organ nyt stor tillit i befolkninga. Politiet er i ei særstilling i så måte, men også trygde- og skatteetaten kjem godt ut. Bankar nyt også stor tillit.

Verksemdsundersøkinga viser at offentlege og private verksemdar generelt har ei grunnleggjande positiv haldning til personvern. Av dei spurde er 70 prosent einige i at personopplysningsloven er nødvendig for å oppnå godt hegn om personvernet. Undersøkinga viser likevel at sjølv om verksemdene har ei positiv haldning til personvern, så har dei same verksemdene liten kunnskap om personvernregelverket. Få verksemdar varetek alle sine lovpålagde plikter vedrørande *informasjonstryggleik, internkontroll og informasjonsplikt* godt nok. Berre ein av tre seier dei har utarbeidd eit internkontrollsystem som dokumenterer rutinar og tiltak for å sikre behandling i tråd med krava i lovgivinga.

Undersøkinga viser at missbruk ikkje er noko stort problem i dag, og kan vere med på å forklare kvifor folk flest har stor tillit til offentlege og private verksemdar. Ein kan òg stille spørsmål om folk har teke ei medvete standpunkt og er meir opptekne av effektivitet og gode tenester enn personvern. Personvernundersøkinga gir likevel grunnlag for å stille spørsmål om vi er gode vaktarar av vårt eige personvern. Befolkninga trur at verksemdene og Datatilsynet tek vare på personvernet for dei, mens undersøkinga viser at verksemdene har dårleg kunnskap om mellom anna krava til informasjonstryggleik som følgjer av

loven. Dette samsvarar med resultat frå Datatilsynet si tilsynsverksemd, jf. kapittel 7 i Datatilsynet si melding. Det er derfor behov for å gjere personopplysningslova og –forskrifta betre kjend både blant befolkninga og offentlege og private verksemdar. Vidare må styresmaktene og Datatilsynet jobbe energisk vidare for å oppnå betre etterleving av personopplysningsloven, for gjennom dette å behalde tilliten i befolkninga til korleis både offentlege organ og private verksemdar behandlar personopplysningar.

Særleg om personvern i arbeidslivet

Arbeidslivet er avhengig av eit tillitsforhold mellom arbeidsgivar og arbeidstakar. Arbeidsgivar vil kunne ha rettkomen interesse – og lovpålagd plikt – til å ha eit visst innsyn i elektroniske verktøy som er stilt til rådvelde for tilsette. Dette kan bl.a. vere krav om å vareta informasjonstryggleiken i verksemda, dokumentasjonsplikt i samsvar med lov og/eller avtale eller for å vareta drifta i verksemda i samband med fråvær blant tilsette. Arbeidstakar vil på si side ha ei rettkomen interesse – og lovpålagd rett – til å ha ein viss privat sfære også på jobben, noko som òg er nedfelt i Den europeiske menneskerettskonvensjon artikkel 8 nr. 1 og i fortalen til EUs personverndirektiv.

Befolkningsundersøkinga viser at arbeidstakarar har tillit til at arbeidsgivar ikkje misbruker opplysningar om dei, og forventar ei tilsvarande tillit i forhold til at arbeidsgivar avgrensar si overvaking av dei. Undersøkinga viser vidare at arbeidstakarar og arbeidsgivarar stort sett er einige om kva som er akseptabelt overvakingnivå på arbeidsplassen. Som eksempel seier 58 prosent av dei spurde i befolkningsundersøkinga at det er svært eller noko problematisk at arbeidsgivar eller lærestad ser *innhaldet* i e-post som blir sendt frå arbeidsgivarar utstyr. *Verksemdsundersøkinga* viser at 65 prosent er ueinig i at arbeidsgivaren bør ha uavgrensa rett til å lese all e-post som dei tilsette sender og mottek på jobben – berre 19 prosent meiner dei bør ha ein slik uavgrensa rett.

Det er positivt at tilsette og arbeidsgivarar stort sett er einige om kva som er akseptabel overvaking. Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Justisdepartementet og Datatilsynet jobbar saman om ei klårare lov- og forskriftsregulering på dette området.

Kor viktig det er med personvern og personvern kontra andre interesser

17 prosent av dei spurde i befolkningsundersøkinga seier at dei har bedt om retting eller sletting

av eigne personopplysningar. I undersøkinga blei dei som ikkje hadde bedt om innsyn spurde *kvifor*. Nesten 70 prosent seier at dei anten ikkje har reflektert over at det finst opplysningar om dei eller at dei ikkje bryr seg om at det finst slike opplysningar.

16 prosent av dei spurde seier at dei har opplevd at personopplysningar om dei har komme på avvegar eller har blitt misbrukte av andre. Dei som seier dei har opplevd misbruk er meir bekymra for misbruk av personopplysningar om dei i ulike situasjonar enn dei som ikkje har opplevd at opplysningar om dei har komme på avvegar. Dette gjeld for alle situasjonane og handlingane vi har spurt om (bruk av Internett, bruk av mobiltelefon, kameraovervaking mv.).

Heile 46 prosent av verksemdene er einige i at det er så viktig å hegne om personvernet at det bør vere strenge regler for utveksling av opplysningar om enkeltpersonar, sjølv om ei friare utveksling kan gi betre produkt og tenester. Berre 10 prosent er ueinige i dette.

For å vareta personvernet betre i lovgivinga, har departementet sett i gang eit arbeid som skal gjere det lettare for utgreiarar å ta vare på personvernet – og å vege personvern opp mot andre interesser slik som kriminalitetsbekjemping og effektivitet i offentleg sektor. Dersom ein tenkjer personvern tidleg i prosessen, vil ein ofte kunne vareta desse omsyna på ein god måte.

Nye personvernutfordringar

Personvernundersøkinga viser eit noko varierende kunnskapsnivå når det gjeld personvernetruslar. Den viser likevel at *dersom ein først har opplevd misbruk av personopplysningar på eitt område, blir ein meir skeptisk til misbruk av personopplysningar generelt*. «Skrekkhistorier» i media eller frå andre i omgangskringen vil òg kunne vere ein slik vekkjar. Eit særleg aktuelt tema den siste tida er ulike former for identitetstjuveri. Det at nokon kan gi seg ut for å vere deg gjennom misbruk av personopplysningar, vil i beste fall kunne vere ubehageleg. I andre tilfelle vil det kunne vere øydeleggjande for eins eige omdømme eller økonomisk ruin. Vårt rettssystem er basert på at ein er uskyldig inntil det motsette er bevist. Ved identitetstjuveri kan vi i enkelte tilfelle risikere at det er *offeret* som må bevise si uskyld.

Identitetstjuveriet kan skje ved at ein svindlar samlar nok informasjon om deg til å få utstedt legitimasjon med ditt namn og sitt eige bilde. Slik informasjon kan bl.a. samlast inn på Internett der vi ofte ukritisk legg igjen ulike personopplysningar som kredittkortnummer, namn og fødselsnummer.

Opplysningar kan òg samlast inn frå offentlege register eller frå informasjon som det offentlege legg ut på nett. Som Datatilsynet viser til i meldinga si blir stadig fleire personopplysningar publiserte på Internett. Vidare kan opplysningar stelast frå din eigen PC til dømes ved at nokon implanterer såkalla spionprogram på han. Etter at tilstrekkeleg med opplysningar er samla inn, kan svindlaren tinge eit kredittkort i ditt namn og bruke det som om det var hans eige. Han kan òg gi opp ditt namn i ein billettkontroll. Rekningane, og eventuelt inkassosakene, blir sende til deg.

Men identitetstjuveri treng ikkje å vere økonomisk motiverte. Ein person kan med hemnmotiv, ved aktløyse eller av frykt for sjølv å bli teken bruke namnet ditt og kanskje eit bilete av deg på heimesider eller ved deltaking i diskusjonsgrupper. Eit eksempel er elevane som la ut ufordelaktig og ukorrekt informasjon om læraren sin. Eit anna eksempel er ein person som nyttar ditt opne trådlause nett til å surfe etter barneporno. Det er ikkje morosamt å få politiet på døra når det mest tvilsame du kanskje har gjort på nettet er å oppgi eit pseudonym ved posting av ein blogg.

Ei viktig byrjing på å gjere identitetstjuveri vanskelegare er å sjå på *når* det er behov for sikker identifikasjon, *kva* som tilfredsstillar ein slik identifikasjon i kvart enkelt tilfelle og *når det ikkje* er behov for ein sikker identifikasjon. Når identifisering er unødvendig bør det vere mogleg å vere anonym. Datatilsynet viser i si årsmelding til at identifikasjon blir kravd i stadig fleire samanhengar og at anonyme alternativ forsvinn. Dette presset oppstår fordi det primære formålet, å ta betalt for ei teneste, blir kopla opp mot identifisering av betalaren. Datatilsynet og Justisdepartementet fekk i 2005 gjennomført ei kartlegging av elektroniske spor. Oppdraget blei gitt til Norsk Regnesentral. Rapporten viser at vi legg att stadig fleire elektroniske spor, bl.a. fordi at løysingar der ein tidlegare ikkje let etter seg spor i større grad blir erstatta av løysingar der ein blir identifisert. Viktige døme er kortbetaling kontra kontantbetaling og registrering ved bompengepasseringar kontra myntpåkast. I tillegg vil talet på elektroniske løysingar auke og lagringstida for spora vil bli lengre. Av interesse her er EU-direktivet om lagring av kommunikasjonsdata som blei vedteke av EUs ministerråd i februar i år. Etter direktivet skal opplysningar om kven som kontaktar kven via telefon, sms og e-post, på kva tidspunkt og kvar personane oppheld seg, lagrast av teleselskapa i minimum seks månader og maksimum to år. Spørsmålet om implementering i norsk rett ligg til vurdering i Samferdselsdepartementet. Eit anna døme på at anonyme alternativ forsvinn er påbodet

om å registrere eigar av kontantkort for mobiltelefon. Da det eksisterande påbodet ikkje blei tilfredsstillande overhaldd, blei det nødvendig å konkretisereplikten i 2005.

Spørsmål om sikrere betalingskort, utlegging av informasjon på nettet, retten til anonym ferdsel, sletting av opplysningar og bruk – og misbruk – av biometri og andre eintydige identifikatorar er sentrale utfordringar i tida som kjem. Departementets varsla IT-melding vil komme inn på nokre av desse utfordringane.

I lys av personvernutfordringane framover vert Datatilsynet si framtidige rolle viktig. Datatilsynet deltar i ei rekkje utgreiingar og arbeidsgrupper for å setje personvern på dagsordenen tidleg i utreiingsprosessen. Dei kjem òg med ei rekkje høyringssvar til ulike saker som departementa foreslår og medverkar i ei rekkje seminar. Vidare har dei innleia samarbeid med bransjeorganisasjonar og har ei rekkje møter med verksemder som vurderer nye teknologiske løysingar.

Nokre har tatt til orde for at Datatilsynet framover bør ha ei enda meir aktiv rolle i å rettleie og vere forkjempar for ulike teknologiske løysingar.

2 Fornyings- og administrasjonsdepartementets merknader til Datatilsynets årsmelding for 2005

Arbeidet til Datatilsynet

Datatilsynet har i eit kvart hundreår arbeidd for å vareta ditt og mitt personvern. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med grunnleggjande personvernomsyn som behovet for vern av personleg integritet og privatlivets fred. Lovgrunnlaget for Datatilsynets arbeid er i hovudsak personopplysningsloven og helseregisterloven. Datatilsynet er ei relativt lita verksemd med i overkant av 30 personar, men er godt synleg i den offentlege debatten. I *befolkningsundersøkinga* omtalt ovanfor seier fleirtalet av dei spurde at dei kjenner til at det finst ei uavhengig myndigheit som passar på at personvernlovgivinga vert følgd, og éin av tre kjenner til at dette er Datatilsynet. Men kjennskapen til Datatilsynet blant *verksemdene* er ikkje like oppløftande. Berre 16 prosent av dei spurde seier dei har god kjennskap til Datatilsynets rolle og ansvar, 29 prosent har liten kunnskap og 55 prosent verken/eller.

Datatilsynet har ei rekkje ulike verkemiddel for å fremje personvernet. Dei viktigaste er førehandskontroll gjennom konsesjonsbehandling, etterkontroll gjennom tilsynsverksemd og ikkje minst å gi

råd og rettleiing i spørsmål om personvern – til dette høyrer innspel i høyringssaker. I tillegg kjem naturlegvis Datatilsynets oppgåve med å informere om den generelle utviklinga når det gjeld behandlinga av personopplysningar, og dei utfordringar dette skaper. I *verksemdsundersøkinga* svarte heile 90 prosent at dei er heilt eller delvis einige i at vi treng eit sterkt Datatilsyn. 59 prosent av dei spurde i *befolkningsundersøkinga* svarer det same. Berre seks prosent er ueinige.

I 2005 har Datatilsynet hatt særleg fokus på opprettinga av personvernombod – særleg i kommunane. Dette er eit viktig satsingsområde fordi kommunane behandlar svært mange personopplysningar, irekna ei rekkje sensitive opplysningar. Oppretting av personvernombod er med på å ansvarleggjere behandlarar av personopplysningar. Datatilsynet rapporterer om at det ved utgangen av 2005 var oppnemnt 19 personvernombod. Dette er nesten ei firedobling frå første halvdel 2004 då det var oppretta fem personvernombod. Det er likevel eit stykke att til Sverige der det på same tidspunkt var oppnemnt 3200 personvernombod for til saman 5406 verksemder. Departementet meiner at det bør arbeidast vidare med personvernombodsordninga også i 2006 for å føre den positive trenden vidare.

Undersøkinga stadfestar departementets oppfatning av at Datatilsynet nyt brei respekt og har støtte og velvilje i befolkninga. Datatilsynet er relativt godt synleg i samfunnsdebatten, og svært mange er klare over Datatilsynets viktige rolle og har tillit til at tilsynet er personvernets vaktarar på vegne av oss alle. På den andre sida har bl.a. Datatilsynet ein viktig jobb å gjere framover med å skape både betre kjennskap til og etterleving av personvernregelverket. Dette vil vere nødvendig for at befolkninga skal ha tillit både til styresmakter og private verksemder framover. Departementet har tiltru til at Datatilsynet, gjennom å bruke sitt spekter av verkemiddel, vil klare dette. Vi treng eit synleg og aktivt Datatilsyn også framover!

Utvikling av regelverket

Personopplysningsloven og -forskrifta er under utvikling. I fjor blei personopplysningsforskrifta endra slik at fleire forskingsprosjekt no er fritekne for konsesjonsplikta. Vidare vil avgjerder frå Datatilsynet, Personvernemnda og domstolane skape presedensar og dermed presiseringar av det eksisterande lovverket.

I 2005 starta eit større arbeid med etterkontroll av personopplysningsloven og -forskrifta. Som del av etterkontrollen blei det gitt eit oppdrag til pro-

fessor dr. juris Dag Wiese Schartum og førsteamanuensis dr. juris Lee A. Bygrave ved Universitetet i Oslo om å sjå på delar av loven – irekna konsesjons- og meldeplikta. Ytterlegare arbeid blir gjort internt i Justisdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Datatilsynet. Utarbeiding av føresegner for arbeidsgivarar innsyn i arbeidstakarar e-post mv. har blitt forsert i forhold til revisjonen elles pga behovet for klårare reglar på dette området.

Personvernundersøkinga blei gjord bl.a. med tanke på å skaffe faktagrunnlag til lovrevisjonen. Undersøkinga avdekkjer liten faktisk kjennskap til personopplysningsloven blant representantane for verksemdene. Heile 70 prosent seier seg likevel einige i at loven er nødvendig for å oppnå eit godt hegn om personvernet, og berre åtte prosent er einige i at dagens lovar og reglar som tek vare på personvernet er for strenge. Til samanlikning viste ei undersøking i EU, der regelverket byggjer på det same direktivet, at 37 prosent sa seg einige i at personvernlovgivinga var for streng på visse område. Svara gir eit inntrykk av at verksemdene totalt sett har eit relativt positivt forhold til personvernlovgivinga – samtidig som mange av verksemdene har dårleg innsikt i loven og at få følgjer krava. Desse og andre resultat vil bli tekne med i det vidare arbeidet med revisjon av loven.

Personvern er ikkje berre regulert i personopplysningsloven med forskrift. Datatilsynet er tilsynsmyndigheit også etter helseregisterloven. På helseområdet har det vore fleire forslag til lovendringar det siste året. Vidare går det føre seg lovregulering med innverknad på personvernet på ei rekke andre politikkområde. Ei viktig oppgåve for Datatilsynet er å delta i ulike råd og utval slik at personvern kjem med på eit tidleg tidspunkt i utgreiingsprosessen. Frå departementets side har det vore nyttig med innspel til prosjektet «Mi(n) side». Datatilsynet har både hatt høve til å vere proaktivt, og blitt invitert til og hatt moglegheit til å kome med innspel under heile prosessen. Som Datatilsynet viser til har det diverre vore nødvendig å setje korte fristar i enkelte høve slik at Datatilsynet har måtte ta stilling til dei ulike kravspesifikasjonane i etterkant, etter kvart som dei vart ferdigstilte.

Store delar av premissane for personvernregelverket blir lagde internasjonalt. Personopplysningsloven byggjer på EUs personverndirektiv 95/46 EF. Også på personvernområdet er det viktig å følgje med slik at regelverket er oppdatert i forhold til rettsutviklinga i Europa. Det er derfor viktig at Datatilsynet følgjer med på utviklinga – og Datatilsynet deltek òg i ei rekkje forum internasjonalt. I

tillegg er sjølvstendig internasjonalt samarbeid ein viktig arena for meningsutveksling. Gjennomgangen av typen forum i årsmeldinga viser at vi ofte er opptekne av dei same problemstillingane.

Datatilsynets tilsynsverksemd

Datatilsynet gjennomførte 130 tilsyn i 2005. Gjennom tilsynsverksemda vert etterlevinga av regelverket kontrollert, og Datatilsynet kan gjennom dialog og eventuelt pålegg korrigere verksemdas behandling. I tillegg er tilsyna ei viktig kjelde til informasjon generelt om utfordringar. Eitt av funna i 2005 er at mange verksemdar ikkje er klare over at det finst plikter i personopplysningsloven som gjeld dei. Dette har dessverre vore tilfellet også for tidlegare år – og inntrykket vert stadfesta også i personvernundersøkinga. Dei fleste verksemdene som vert kontrollerte får merknad frå Datatilsynet for manglande internkontroll. Mange verksemdar har dessutan problem med å oppfylle krava til informasjonstryggleik i regelverket. Datatilsynet viser til at mangel på systematikk i arbeidet med informasjonstryggleik er det mest framtrедande i 2005.

Særleg om kommunikasjon som verkemiddel

Etter departementet si oppfatning er manglande kunnskap om personvernutfordringar ein av dei største truslane mot personvernet. Dette inntrykket blir stadfesta av resultatane frå Datatilsynets tilsynsverksemd og personvernundersøkinga: Manglande kunnskap om utfordringar og truslar, manglande kunnskap om regelverket og manglande kunnskap om eige ansvar.

For å betre kunnskapen har Datatilsynet utarbeidd tiltak for målretta informasjon om plikter og rettar på området. Departementet har overført 2 mill. kroner til Datatilsynet til oppfølging av tiltak mot målgruppene verksemdar og ungdom. Førstnemnde målgruppe er bl.a. vald på bakgrunn av den dårlege etterlevinga av krava i personopplysningsloven - sistnemnde gruppe fordi det er viktig å starte tidleg med å informere om personvern og dei farane som knyter seg til å ikkje tenkje seg om. Det har blitt sett fokus på at ungdom kommuniserer stadig meir ved hjelp av mobiltelefon, e-post og internettkanalar som MSN og javabaserte chattetjenester. Personvernundersøkinga viser også at den yngste aldersgruppa (15-29 år) er minst bekymra over for eksempel betalingstryggleiken på nett, for at personopplysningar blir samla opp over tid, for at personopplysningar blir overførte til andre og synest det er minst problematisk at arbeidsgivar/lærestad les e-posten deira. Det er òg i denne aldersgruppa at det er desidert flest som meiner at

personvernet er så godt vareteke i Noreg at ein trygt kan gi frå seg personopplysningar. Årsaka til at den yngste aldersgruppa skil seg ut kan vere at bruken av nye kommunikasjonsmedium kan ha ført til ei haldningsendring mellom dei unge om kva for vekt personvernomsyn bær ha. Årsaka kan òg vere at den yngste aldersgruppa har mindre kjennskap til personvernutfordringar, eventuelt i kombinasjon med ei handlingsendring. Departementet har stor tru på at det vidare arbeidet med målgruppa vil gi svar på dette.

I tillegg held Datatilsynet fram med sitt arbeid med å vere godt tilgjengelege og yte god service overfor dei enkeltpersonar eller verksemdar som av eige initiativ søker råd og rettleiing om personvernlovgivinga. Datatilsynets førstelinjeteneste blei styrkt i 2005 for å sikre at publikum raskt og enkelt skal få god fagleg rådgiving. Datatilsynets årsmelding inneheld ei oversikt over typar førespurnader. Spørsmål om informasjonstryggleik, arbeidsliv, melding/konsesjon og kameraovervaking skil seg ut som emna med flest førespurnader. I jubileumsåret lanserte dessutan Datatilsynet ei ny og forbetra heimeside, <http://www.datatilsynet.no>. Nettstaden har ei rekkje temasider, bl.a. om tema nemnde ovanfor. Det er grunn til å tru at dei gode og informative temasidene reduserer talet på førespurnader til Datatilsynet. Ved annan type kontakt kan dessutan Datatilsynet vise til utdjupande informasjon her.

3 Fornyings- og administrasjonsdepartementets merknader til Personvernemndas årsmeldingar for 2005

Personvernemnda blei konstituert i 2001 og fyller derfor 5 år i år. I stortingsmeldinga om Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2001 skriv departementet at «*Arbeids- og administrasjonsdepartementet har tro på at Personvernemnda gjennom sin klagesaksbehandling og aktiv publisering av vedtak vil kunne bidra til en økt bevisstgjøring av personvernspørsmål i Norge.*» Departementet viser til at fleire av dei sakene som Personvernemnda har hatt til behandling har skapt medieoppslag. Dette gjeld bl.a. PVN-2005-09 Det Mosaiske Trossamfund der spørsmålet om anonym ferdsel på offentleg stad stod sentralt og PVN-2005-1 om Datatilsynets avvising av å pålegge eit advokatfirma å slette lydbandopptak som var gjorde utan å informere den andre parten. Det har òg vore stor interesse for saka om det skal vere

tillete å overvake offentleg kommunikasjon (buss og tog) utover overvaking i førarplassen og mot inngangspartiet.

I stortingsmeldinga om Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2002 skreiv departementet at «*Som det fremkommer av nemndas årsmelding, er inntrykket at klagesakene først og fremst angår praktiske forhold, og til dels også forhold som ikke har prinsipiell karakter, men som oppleves som viktig for klageren.*» I nemndas årsmelding for 2005 kjem det fram at fleire av sakene har vore komplekse og prinsipielle. Personvernemnda har gjennom si klagebehandling følgeleg blitt ein viktigare premissleverandør i utviklinga av personvernregelverket. Nemnda sine avgjerder skapar presens for korleis Datatilsynets og andre bruker lova. Men som nemnda sjølv viser til kan dei berre ta stilling til konkrete saker. Nemnda viser til at det på fleire område er behov for ein sektorovergripande debatt. Departementet støttar Personvernemnda i dette.

I 2005 ferdigbehandla nemnda ni av 17 innkomne saker. Av dei ni sakene blei fem saker heilt eller delvis tatt til følgje. I tillegg blei seks saker frå året før behandla ferdig. Det har vore ein markant auke i talet på klagesaker til nemnda i den tida nemnda har vore i funksjon. I det første verkeåret ferdigbehandla nemnda éi klagesak.

Sjølv om Personvernemnda som forvaltningsorgan behandlar fleire saker og oftare blir omtalt i media no enn tidlegare, er nemnda framleis ikkje godt kjend hos verksemdene. Berre fire prosent av dei spurde i verksemdsundersøkinga sa dei hadde god kjennskap til Personvernemnda og nemndas oppgåver. 62 prosent hadde liten kjennskap. Det at nemnda som klageorgan er lite kjend, har mindre *praktisk* å seie fordi klagane går via Datatilsynet. Som eit verkemiddel i personvernpolitikken kunne det likevel vere ønskjeleg med noko større kjennskap fordi etableringa av ei eiga nemnd etter departementets vurdering er med på vise kor viktig det er å ta personvernspørsmål alvorleg. Departementet går ut frå at omtalane av samfunnsaktuelle saker i media den siste tida vil vere med på å heve kunnskapen om nemnda og arbeidet ho gjer.

4 Administrasjon og ressursar

Datatilsynets budsjett

Personvernundersøkinga viser at vi står framfor store utfordringar når det gjeld befolkningas og verksemders kunnskapar om personvern. Fokuse-

ringa på ulike personvernsaker i media – slik som for eksempel spørsmål om identitetstjuveri og lagring av trafikkdata – viser at folk engasjerer seg når dei får meir kunnskap om personverntuslar. Det blir lettare å ta standpunkt til konkrete saker der ein kanskje kan kjenne seg att enn i meir teoretiske spørsmål om for eksempel personvern kontra kriminalitetsbekjemping. Datatilsynets budsjett for inneverande år er derfor styrkt, med tanke på å intensivere informasjon om rettar og plikter etter personopplysningsloven til verksemder og befolkninga.

Personvernemndas budsjett og rammevilkår

Det er ein auke i talet på klagesaker til nemnda frå 2004 til 2005. I 2004 behandla nemnda ferdig seks klagar mens ho i 2005 som tidlegare nemnt ferdig behandla 15 saker. Som nemnda viser til har dessutan fleire av sakene vore komplekse og prinsipielle. Auken i arbeidsmengda har vore vesentleg. Departementet vart varsla om venta auke allereie tidleg i 2005, og nemndas budsjett for 2005 blei styrkt som følgje av dette.

Ut frå personopplysningsforskrifta skal nemnda ha eit sekretariat som skal «*tilrettelegge forholdene for Personvernemndas arbeid og ellers forberede saker for behandling i nemnda*». I og med at kontrakten med det dåverande sekretariatet gjekk ut i 2005, og det ikkje var mogleg å forlenge denne, meinte departementet at det var to formåls-tenlege organiseringsmåtar for sekretariatet: Nytt anbod i samsvar med innkjøpsregelverket eller tilsetjing. Den sistnemnde blei valt, først og fremst av økonomiske omsyn fordi talet på klagesaker såg ut til å bli verande høgt. Departementet er tilfreds med at nemnda i si årsmelding skriv at den valde løysinga på sikt ser ut til å sikre nemndas arbeidsforhold.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 20. oktober 2006 om Datatilsynets og Personvernemndas årsmeldingar for 2005 blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Datatilsynets årsmelding 2005

Datatilsynet 25 år i 2005

Datatilsynet blei etablert 1. januar 1980 i samsvar med den dåverande personregisterloven som blei vedteken i 1978. Datatilsynet markerte derfor sitt 25-årsjubileum i 2005.

Datatilsynet har til oppgåve å verne kvar enkelt mot at personverninteressene blir krenkte gjennom behandling av personopplysningar. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med grunnleggjande personvernomsyn som behovet for vern av personleg integritet og privatlivets fred. Det juridiske grunnlaget for verksemda til Datatilsynet er regulert i Lov om behandling av personopplysningar av 14. april 2000 (personopplysningsloven) og Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar (helseregisterloven) av 18. mai 2001.

Datatilsynet er eit uavhengig forvaltningsorgan, administrativt underordna Kongen ved Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Datatilsynet sitt sjølvstende inneber at departementet ikkje kan gi instruks om, eller omgjere Datatilsynets utøving av myndigheit etter personopplysnings- eller helseregisterloven. Som klageinstans i forhold til vedtak frå Datatilsynet er det oppretta ei Personvernemnd. Nemnda leverer si eiga årsmelding.

Datatilsynets oppgåver

Som ei følgje av at personopplysningsloven den 1. januar 2001 kom i staden for den tidlegare personregisterloven, blei hovudtyngda av arbeidet til Datatilsynet flytt frå førehandskontroll til kontroll i etterhand. Dette i form av tilsynsarbeid, informasjon og oppfølging av brot på regelverket.

Datatilsynet skal halde seg orientert og informere om den nasjonale og internasjonale utviklinga i behandlinga av personopplysningar, og om dei problema som knyter seg til slik behandling. Datatilsynet skal identifisere farar for personvernet og gi råd om korleis ein kan unngå eller avgrense dei. Deltaking i råd og utval er derfor ein viktig del av arbeidet til Datatilsynet. Også som høyringsinstans i saker som kan ha konsekvensar

for personvernet har Datatilsynet innverknad på samfunnsutviklinga.

Datatilsynet fører ei offentleg oversikt over alle behandlingar av personopplysningar som er melde inn. Vidare behandlar Datatilsynet søknader om konsesjon der loven krev dette.

Gjennom aktivt tilsyn og saksbehandling kontrollerer Datatilsynet at lovar og forskrifter for behandling av personopplysningar blir følgde, og at feil og manglar blir retta. Datatilsynet hjelper bransjeorganisasjonar med å utarbeide bransjevise åtferdsnormer, og gir bransjar og enkeltverksemder råd om sikring av personopplysningar. Datatilsynet motiverer også til oppnemning av eit eige personvernombod og støttar verksemder som på frivillig basis har gjort dette.

Sist, men ikkje minst, har Datatilsynet også ei viktig ombodsrolle. I samband med dette blir det gitt råd og informasjon til enkeltpersonar som tek kontakt med tilsynet. Publikum generelt blir i første rekke nådd gjennom aktiv mediekontakt og publisering på eigen nettstad. For å skape merksemd og interesse kring personvernspørsmål deltek Datatilsynet aktivt i den offentlege debatten og legg stor vekt på å praktisere meirinnsyn i offentlege dokument.

Nærmare om jubileumsmarkeringa

Den 1. januar 2005 var det 25 år sidan Datatilsynet blei oppretta. I staden for å gjennomføre ei omfattande og kostnadskrevjande eigenmarkering, valde Datatilsynet å setje i verk tiltak for å skape merksemd og refleksjon kring ulike sider ved personvern og privatlivets fred. Det var ei målsetjing at det skulle etterlatast produkt med bruksverdi også etter at jubileumsåret er avslutta.

Desse tiltaka blei gjennomførte i tilknytning til 25-årsjubileet:

- Datatilsynet deltok i ein serie på fem program i NRK radios «Verdibørsen», som i januar hadde personvern som hovudtema.
- Nettstaden til Datatilsynet blei lansert med ny design, og ikkje minst òg med struktur som var meir funksjonell og brukarvennleg.

- Datatilsynets grafiske profil blei endra på konvoluttar og trykksaker. Det blei utarbeidd ein eigen logo som blei nytta til å markere jubileet i ulike samanhengar.
- Personvernundersøkinga 2005 blei gjennomført i samarbeid med det dåverande Moderniseringsdepartementet. Personvernundersøkinga var ei omfattande kartlegging av kunnskapar og haldningar i befolkninga og blant representantar for verksemdar som behandlar personopplysningar.
- Norsk Regnesentral gjennomførte ei kartlegging av elektroniske spor, etter oppdrag frå Justisdepartementet og Datatilsynet. Saman med Teknologirådets rapport om elektroniske spor (også utgitt i 2005) utgjer dette til saman den mest omfattande kartlegginga av elektroniske spor til no i Noreg.
- Justisdepartementet hjelpte til å markere jubileumsåret ved å samarbeide med Datatilsynet om å ha personvern som tema for sin Ethos-konferanse i 2005.

Boka «Fra tillit til kontroll»

Den viktigaste og mest handfaste markeringa av 25-årsjubileet var likevel samarbeidet med PAX forlag om utgiving av boka «Fra tillit til kontroll - tolv samtaler om politikk, teknologi og personvern». I boka er det referert samtalar Datatilsynets direktør har hatt med engasjerte og reflekterte medborgarar i inn- og utland om ulike problemstillingar knytte til personvern.


Boka fekk mykje merksemd og fekk positiv omtale i fleire medium, blant anna også i ei svensk storavis (Svenska Dagbladet). Bergens Tidende omtalte ho som «en av høstens viktigste bøker». Datatilsynet gav boka som gåve til ulike aktørar innan organisasjons- og samfunnsliv. Alle representantar i det nyvalde Stortinget fekk òg tilbod om kvart sitt eksemplar av boka.

Forlaget har kunna rapportere eit sal til bokhandlarane ut over det ein normalt kunne vente for denne typen faglitteratur.

1 Organisasjon og administrasjon

1.1 Budsjett

Dei økonomiske rammene for Datatilsynet var i 2005 på 23 millionar kroner. Som det går fram av oversikta nedanfor utgjer lønnskostnadene 69 prosent av den samla ramma som står til disposisjon. Utover dette er budsjettet bunde opp i meir eller mindre faste kostnader som husleige, IT-drift,



Figur 1.1

inventar/utstyr og nødvendig reiseverksemd til tilsyn og deltaking i internasjonale samarbeidsorgan.

Datatilsynet har dermed lite handlingsrom til å setje inn økonomiske ressursar til tiltak som ikkje direkte knyter seg til juridisk saksbehandling eller tilsynsverksemd.

Engasjementsstillingar oppretta som ei følge av auka arbeidsmengd i 2003/2004 blei gjorde faste i 2005.

1.2 Organisasjon

Datatilsynet har, i tillegg til direktøren, ei bemanning på 31 årsverk, som fordeler seg slik:

- *Juridisk avdeling*: 12 medarbeidarar
- *Tilsyns- og tryggingssjefavdelinga*: 5 medarbeidarar
- *Administrasjonsavdelinga*: 7 medarbeidarar
- *Informasjonsavdelinga*: 3 medarbeidarar
- *Frontservice*: 4 juristar svarer på spørsmål pr. telefon og e-post ved sida av ordinær saksbehandling. Organisatorisk rapporterer medarbeidarane til informasjonssjefen.

I verksemdsåret var det 13 menn og 19 kvinner tilsette i faste stillingar i Datatilsynet. Det er tilsett to menn i vikariat for kvinner og ein i eit engasjement i frontservice.

Ved kvar nyrekruttering vurderer Datatilsynet kjønnsamansetjinga i etaten og legg vekt på å rekruttere i forhold til denne om kvalifikasjonar elles er like.

Datatilsynet arbeider aktivt for at etaten til kvar tid skal gi kvinner og menn like sjansar til karriereutvikling og fagleg utvikling og at kvinner og menn får like arbeidsforhold elles. Gjennomsnittsalderen i Datatilsynet er for tida 41 år for menn og 37 år for kvinner.

Tre medarbeidarar har gjennom året hatt fødselspermisjon og vikarar har erstatta desse. Ingen medarbeidarar slutta i 2005.

1.3 Avtale om inkluderande arbeidsliv

Datatilsynet har frå september 2003 vore knytt til avtalen om eit inkluderande arbeidsliv. Avtalen tydeleggjer samarbeidet mellom arbeidsgivar og arbeidstakar med det mål å skape eit meir inkluderande og utviklande arbeidsmiljø. I 2005 har Datatilsynet hatt fokus på førebygging av sjukdom og skadar. Positive tiltak er vidareførte frå 2004 og nye tiltak er sette i verk. Dette har vore tiltak knytte til trening, ergonomisk rettleiing og instruksjon om formålstenleg arbeidsteknikk. Resultat av kartlegginga ligg føre, og er fullt ut følgd opp i 2005.

Datatilsynet freistar å sikre brei rekruttering og å stimulere til mangfald i staben både når det gjeld kultur og kompetanse. Vidare blir det lagt til rette for ein personalpolitikk som skal verke motiverande, og som hindrar utstøying av personar med nedsett funksjonsevne.

2 Saksbehandling

2.1 Ordinær saksbehandling

Det blei journalført 6 665 dokument i meldingsåret. Av desse var 3 722 innkomne og 2 943 utgåande brev frå Datatilsynet. Dette utgjer ein nedgang på 1 060 registrerte saker i forhold til året før. Framleis er helserelevante saker, og då særleg knytte til forskingsprosjekt, den største delen av saksmengda. Det er likevel saker relaterte til personvern innan arbeidslivet som har hatt det største oppsvinget. Dette skuldast naturleg nok dei store e-postsakene Datatilsynet arbeidde med i meldingsåret. Desse er omtalte seinare i årsmeldinga.

2.2 Konesjonsplikta

Plikta til å søkje konsesjon gjeld i all hovudsak for behandling av sensitive personopplysningar, blant anna opplysningar om helse, rase, religiøs oppfatning, politisk tilknytning, straffbare handlingar og seksuell åtferd. Datatilsynet kan likevel bestemme at også andre behandlingar av personopplysningar skal vere konsesjonspliktige, så framtidige behandlinga openbert vil krenkje tungtvegande personverninteresser.

Det blei i 2005 gitt 403 konsesjonar, størstedelen blei gitt til forskingsprosjekt.

I 2005 blei det også gitt ei endring i forskriftene i personopplysningsloven (§ 2-27), som medfører

at fleire forskingsprosjekt no er fritekne for konsesjonsplikta.

2.3 Meldeplikta

Meldeplikta inneber at den som ønskjer å setje i gang ei behandling av personopplysningar skal orientere Datatilsynet seinast 30 dagar før behandlinga startar. Det er likevel ein del unntak frå meldeplikta.

I 2005 kom det inn 2 953 nye meldingar om behandling av personopplysningar. Totalt er det no 11 380 meldingar i meldingsdatabasen; ein nedgang på ca. 3 000 frå året før. 6 241 meldingar blei sletta frå databasen i 2005, fordi dei var «gått ut på dato».

2.4 Klagesaker til Personvernemnda

I meldingsåret sende Datatilsynet 11 saker over til Personvernemnda for vidare klagesaksbehandling. Dette gjaldt:

- Klage på vedtak om utlevering av opplysningar frå Statistisk sentralbyrå
- Klage på vedtak vedrørende bruk av e-faktura hos Vesta Forsikring as
- Klage på vedtak om delvis avslag på søknad frå Kreftregisteret om konsesjon for forskingsprosjektet «Kreftfrisiko blant tilsette i aluminiumsindustrien»
- Klage på vedtak om utviding av konsesjon for Norsk Pasientregister – skade og ulykkesdata
- Klage over pålegg om sletting av kundeopplysningar hos Subaru Norge as
- Klage på vedtak om delvis avslag på søknad om konsesjon til å behandle helseopplysningar for forskingsprosjektet «Studier av sosiale og etniske forskjeller i perinatal helse
- Klage på vedtak om kameraovervaking på togsett
- Klage på vedtak om kameraovervaking hos Oslo Sporveier, bussdivisjonen
- Klage på pålegg om konsesjonsplikt for heilautomatiske bomstasjonar i Tønsberg, Bergen og Gjesdal
- Klage vedrørende Tannum møbler
- Klage på manglande sletting av opplysningar i trygdeetaten.

Ni av desse klagene blei ferdigbehandla i meldingsåret.

I same periode mottok Datatilsynet 16 vedtak frå Personvernemnda. Desse er omtalte i Personvernemndas eiga årsmelding.

2.5 Høyringssaker

I meldingsåret gav Datatilsynet tilsvar i 88 av dei innkomne 139 høyringssakene. Dei viktigaste sakene er omtalte seinare i årsmeldinga.

2.6 Lov og forskriftsarbeid

I samarbeid med Justisdepartementet og Fornyings- og administrasjonsdepartementet blei det starta eit lovrevisjonsarbeid på personopplysningsloven. Dette arbeidet vil halde fram i 2006. Parallelt med dette vil det bli arbeidd med forskriftsendringar.

2.7 Personvernombod

Ved utgangen av meldingsåret var det oppnemnt 19 personvernombod. Somme av desse arbeider berre overfor éi verksemd, mens andre arbeider for mange.

Datatilsynet meiner personvernombodsordninga er særleg aktuell og viktig i kommunane. Her handterer ein mange og til dels også svært sensitive personopplysningar som grunnlag for avgjerder som har mykje å seie for borgarane. Per i dag har 14 kommunar oppretta ei slik ordning. Tilsynet arbeider for at talet på personvernombod i kommunane skal doblast i løpet av 2006. I oktober 2005 sende Datatilsynet brev til alle kommunane i landet der det blei gjort greie for ordninga med personvernombod. Både EUs personverndirektiv og personopplysningsloven framhevar at det er viktig å peike ut ein eller fleire interne ressurspersonar som har grunnleggjande kjennskap til plikter og rettar etter personvernlovgivinga.

3 Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid er ein viktig arena for meiningsutveksling. Det er gjennom slik kontakt at Datatilsynet kan halde seg orientert og informere om internasjonal utvikling og trendar i behandlinga av personopplysningar, og til problem som knyter seg til slik behandling. Dette er derfor eit arbeid som Datatilsynet prioriterer høgt.

3.1 Artikkel 29-gruppa

Artikkel 29-gruppa har som oppgåve å drive fram koordinering og synkronisering av EU/EØS-landas nasjonale personvernarbeid med utgangspunkt i personverndirektiv 46/95. Gruppa har ikkje avgjerdsrett, men har ein rådgivande funk-

sjon overfor Kommisjonen. Det norske Datatilsynet har observatørstatus.

Gruppa tek ei rekkje saker opp av eige tiltak, men blir av Kommisjonen også beden om råd og kommentarar. Sakslista er stor både i breidd og omfang. Dette er hovudårsaka til at ein har valt å opprette undergrupper som førebur viktige saker for gruppa. Noreg har for tida slutta seg til ei undergruppe som tek opp ulike sider ved politiets verksemd nasjonalt og internasjonalt (sjå nedanfor).

Av aktuelle saker under behandling kan nemnast:

- PNR (USA, Canada, Australia og New Zealand)
- Lagring av trafikkdata som følgje av forslag til endringar av telekommunikasjonsdirektivet
- RFID-teknologi og personvern
- VIS (Visa Information System) – Utveksling av personopplysningar knytte til personar som har fått tildelt korttidsvisa. Inneber blant anna oppretting av sentrale visa-databasar og mogleg bruk av biometri
- Overvaking (screening) av e-postsystem
- Bruk av lokasjonsdata som grunnlag for tilleggstenester

I tillegg blei det halde eit vårmøte for artikkel 29-gruppa. Møtet blei halde i Krakow, Polen.

3.2 Police Working Party

Police Working Party er ei arbeidsgruppe nedsett av den årlege vårkonferansen for dei europeiske datatilsyna. Datatilsynet har delteke aktivt i gruppa. Arbeidsgruppa utarbeidde i 2005 eit sett personvernprinsipp som den meiner må inngå i eit nytt personvernregelverk på politi- og justissektoren. Datatilsynet har framheva kor viktig det er at prinsippa også må nyttast i forhold til nasjonal rett på området, og ikkje berre for sjølve utvekslinga av personopplysningar.

3.3 Internasjonalt datatilsynsmøte

Kvart år blir det arrangert ein internasjonal konferanse for datatilsynssjefar med deltakarar frå heile verda. Sveits var vertskap for 2005-konferansen. Konferansen har ein open og ein lukka del. På den opne delen er også andre private aktørar inviterte til å delta. Eit viktig tema på denne konferansen var klargjering av ein resolusjon om biometri, og diskusjon om lagring av trafikkdata som følgje av forslag til endringar av telekommunikasjonsdirektivet.

3.4 Berlin-gruppa

Den internasjonale arbeidsgruppe for personvern innan telekommunikasjon (Berlin-gruppa) hadde to møte i 2005. Gruppa er primært sett ned for å arbeide med tekniske problemstillingar knytte til telekommunikasjon, men behandlar også andre tekniske problemstillingar. Datatilsynet deltok på begge møta. Blant dei mest sentrale sakene som var oppe i 2005 kan nemnast:

- PKI – elektroniske signaturar
- E-forvaltning
- IP-telefoni
- Elektroniske pasientjournalar
- Geolokasjon
- Webloggar

Ei rekkje andre tekniske problemstillingar blei drøfta i gruppa. Arbeidet i denne gruppa gir Datatilsynet viktige bidrag i arbeidet med tekniske problemstillingar.

3.5 Joint Supervisory Authority (JSA)

JSA er det felles tilsynsorganet for Schengen informasjonssystem (SIS). Informasjonssystemet inneheld opplysningar om personar som er ettersøkte, sakna, nekta innreise til Schengen-området, eller er straffedømde i eit av medlemslanda. Datatilsynet møte som fast observatør. Det har vore ekstra stor aktivitet i meldingsåret. Ein viser elles til omtale ein annan stad i meldinga.

3.6 Nordisk datatilsynssjefmøte

Noreg var i år vertskap for det nordiske datatilsynssjefmøtet. Av tema som blei tekne opp kan nemnast elektronisk lagring av personinformasjon i pass – biometriske data, det islandske ansiktsattkjenningssystemet på Keflavik, FaceIt, og korleis personvernmyndigheitene kan arbeide meir proaktivt når det gjeld behandling av personopplysningar på Internett.

3.7 Nordisk teknologimøte

Nordisk teknologimøte er oppretta for å skape ein god kontakt mellom dei teknologiske miljøa hos personvernmyndigheitene i dei nordiske landa. Formålet med møta er blant anna å diskutere aktuelle tekniske problemstillingar med sikte på å komme fram til ei sams handheving av regelverket. Møtet blir halde ein gong i året og blei denne gong avvika i Sverige. Blant dei mest sentrale problemstillingar som blei tekne opp kan nemnast:

- Innføring av RFID-baserte pass i dei nordiske landa
- Internet task force (gruppe under article 29)
- Innsamling av reklametreff på IP-adresser
- Organisering av tilsyn
- Bruk av SIM-kort i PKI.

3.8 Nordisk saksbehandlarmøte

Det nordiske saksbehandlarmøtet er komme i stand for å utveksle synspunkt og erfaringar på felles tema og områder for saksbehandlarar i dei nordiske tilsynsmyndigheitene. Saksbehandlarmøtet blei halde i Danmark, og omfatta tema som rusmiddelesting i arbeidslivet, tilsynsmyndigheitenes rolle ved offentleggjing av personopplysningar på Internett, innsynsrett i dataloggar og felles skaderegister for forsikringsselskap.

3.9 Internasjonalt saksbehandlarmøte (innan EU/EØS)

Datatilsynet deltok på to møte i regi av det internasjonale samarbeidsforumet for saksbehandlarar (complaint workshop). Møta blei haldne i Budapest og Paris, og omhandla bl.a. tema som sentrale nasjonale helseregister og utøving av tilsynsmyndigheit .

3.10 RIPE (Réseaux IP Européens)

Det blei halde to møte i RIPE i 2005, men Datatilsynet hadde ikkje høve til å delta på møta. Årsak til dette var omfattande tilsynsaktivitet i dei aktuelle periodane. Møta utgjer eit felles forum for alle som er interesserte i IP-nettverk i Europa. Formålet med desse møta er å sikre nødvendig administrativ og teknisk koordinasjon for å etablere pan-europeiske IP-nettverk. Den tekniske diskusjonen og informasjonen som kjem fram under og rundt møta er av stor nytte for Datatilsynets teknologiske arbeid og gjer det mogleg å vere oppdatert på teknologiske nyheiter på IP-sektoren. Dette temaet er spesielt knytt til Internett og utviklinga der.

4 Nasjonale råd og utval

Datatilsynet prioriterer å delta i råd og utval for å sikre at personverninteressene blir varetekne på eit tidleg tidspunkt. I meldingsåret var Datatilsynet representert i følgjande råd og utval:

4.1 DNA-utvalet

Direktøren i Datatilsynet var medlem i eit utval med mandat å vurdere endringar i reglane om det sentrale registeret over DNA-profilar. Utvalet skulle blant anna vurdere om det var behov for å utvide høvet til å innhente DNA-prøver slik at det blei det same som for fingeravtrykk. Vidare skulle utvalet vurdere om høvet til å registrere DNA-profilar burde utvidast. Reglane om søk i registeret skulle òg vurderast. Utvalet avslutta arbeidet innan fristen i 2005. Forslaga frå utvalet er gitt i form av NOU 2005:19, Lov om DNA-register til bruk i strafferettspleien.

4.2 Datakrimutvalet

Datatilsynet er representert i Datakrimutvalet. Delutredning II, som det no blir arbeidd med, omfattar spesialdelen i straffeloven. Målet for arbeidet er at Noreg skal kunne tiltre Cybercrime-konvensjonen med tilleggsprotokoll. Siktemålet er å leggje fram ein rapport i september 2006.

4.3 Styringsgruppa for SERTIT

Nasjonalt tryggingsorgan, NSM, er ansvarleg for sertifiseringsordninga for informasjonstrygging for IT-utstyr og system. Datatilsynet har dei siste åra delteke i styringsgruppa for dette arbeidet. Formålet med deltakinga er å fremje sertifiseringsordninga slik at denne kan få praktisk nytte for dei som må rette seg etter tryggingsføresegnene i personopplysningsloven. Det er halde tre møte i 2005. Datatilsynet har vore representert på to av desse.

4.4 Samarbeidsråd for helsesektoren

Rådet er oppretta av Sosial- og Helsedirektoratet med sikte på å koordinere arbeid med informasjonsteknologi i helsesektoren. Arbeidet i gruppa tek utgangspunkt i direktoratets strategiplan «E-2009» som omhandlar strategi og planar for å fremje bruk av informasjonsteknologi. Formål med samarbeidsrådet er å styrkje samarbeidet aktørane i mellom og samarbeidet med dei sentrale styresmaktene. Datatilsynet deltek som observatør og oppfattar deltaking i rådet som eit viktig ledd i å kommunisere standpunkta til etaten. Rådet hadde fire møte i 2004, og Datatilsynet var med på tre av desse.

4.5 Bransjenorm for helsesektoren

Sosial- og Helsedirektoratet har vore initiativtakar til eit større prosjekt der formålet har vore å utvikle ei bransjenorm for helsesektoren. Norma er meint å medverke til å harmonisere nivået i helsesekto-

ren i forhold til informasjonstryggleik. Norma vil etter tilsynets oppfatning kunne tene som eit viktig bidrag til å fremje informasjonstryggleik i sektoren. Tilsyn som har vore gjennomførte har avdekt eit stort behov for felles løft. Aktørane si tilknytning til det nasjonale helsenettet utgjer også eit viktig element i dette behovet. Datatilsynet har delteke i styringsgruppa og har også hjelpt til med råd og rettleiing under sjølve utforminga av norma. Det er venta at arbeidet med norma blir slutført i løpet av første halvår 2006.

4.6 KIS - Koordineringsutvalet for informasjonstryggleik

Utvalet består av representantar for sju departement, Statsministerens kontor og ni direktorat. Skipinga av koordineringsutvalet er eit ledd i gjennomføringa av Nasjonal strategi for informasjonstryggleik. Arbeidet omfattar alminneleg IT-trygging og spørsmål knytte til rikets tryggleik, vitale nasjonale tryggingsinteresser og kritiske samfunnsfunksjonar. Det skal samordne vidareutviklinga av IT-tryggingsregelverket, få fram felles standardar, normer, metodar og verktøy for IT-tryggleik og sørgje for samordning av tilsynspraksis. Utvalet skal også drøfte aktuelle risiko- og sårbarhetsprosjekt og blant anna medverke til koordinering av informasjonstiltak og beredskapsplanlegging. I 2005 hadde koordineringsutvalet fire møte.

4.7 Konsultasjonsmøte vedrørende prosjektet «Min/Mi Side» og tryggingsportalen

Moderniseringsdepartementet har sett i gang eit prosjekt der målsetjinga er å auke publikums høve til elektronisk samhandling med det offentlege. Departementet har lansert konseptet «Min Side / Mi Side» der det skal vere mogleg for kvar enkelt å få oversikt over opplysningar det offentlege sit med om vedkommande, i tillegg til å kunne samhandle med relevante offentlege etatar. Datatilsynet har hatt møte med aktørane, både for «Mi(n) Side» og tryggingsportalen. Formålet med kontakten har vore å medverke til at utviklinga skjer i samsvar med godt personvern.

5 Kommunikasjon som verkemiddel

Personvernlovgivinga legg i stor grad ansvaret på kvar enkelt når det gjeld å vareta sitt eige personvern. Samtidig er alle som behandlar personopplysningar, anten det er offentlege etatar, frivillige

organisasjonar eller næringsdrivande, pålagde vesentlege plikter med omsyn til å etterleve lovgivinga på området. Datatilsynet er derfor avhengig av å vere synleg i samfunnet og å skape aktiv debatt, refleksjon og medvit kring sentrale personvernspørsmål. Aktiv kommunikasjonsverksemd er dermed eit verkemiddel det blir lagt sterk vekt på. Dette skjer i første rekkje gjennom aktiv mediekontakt, Datatilsynets heimeside og ei svarteneste for publikum («Frontservice»).

Datatilsynet gjer ikkje bruk av betalt kommunikasjon som annonsering, tv-spottar og liknande. Det blir heller ikkje gitt ut trykt materiell, ut over ein popularisert versjon av årsmeldinga (Personvernrapporten) og ein rettleiar om kameraovervaking. Begge har hatt ein, relativt sett, avgrensa distribusjon.

Sjølv om Datatilsynet gjennom si publisering av saker på heimesida, kombinert med ein aktiv mediekontakt, oppnår å bli synleg i stor grad og skaper debatt i media, så har desse verkemidla sine heilt klare avgrensingar. Det er vanskeleg å skape reell refleksjon, bevisstgjerung og dermed bygging av kunnskap hos målgruppene.

5.1 Personvernundersøkinga dokumenter mangel på kunnskap

Datatilsynet var i 2005, saman med dåverande Moderniseringsdepartementet, oppdragsgivar for ei større undersøking om personvern.

Personvernundersøkinga indikerer tydeleg at befolkninga på den eine sida har liten kunnskap om eigne rettar med omsyn til personvern, men stor tillit til at alle dei verksemdene som behandlar personopplysingar etterlever lovgivinga. Samtidig viser undersøkinga blant verksemdene at ein der har liten kunnskap om, og følgeleg liten grad av etterleving, i forhold til dei konkrete krava som blir stilte i den nye lovgivinga. Heile 74 prosent av verksemdene meiner sjølve at mangel på kunnskap er hovudårsaka til at personvernlovgivinga ikkje blir etterlevd.

Dei nedslåande funna frå Personvernundersøkinga stadfestar det klare inntrykket Datatilsynet har danna seg gjennom si tilsynsverksemd og saksbehandling elles. Urovekkjande mange av verksemdene har manglande kunnskap om regelverket, og berre eit fåtal har sett i gang tiltak for å møte pliktene dei har etter personvernlovgivinga, blant desse å dokumentere tilfredsstillande informasjonstryggleik og etablere eit system for internkontroll. Denne problemstillinga har Datatilsynet elles òg teke opp i sine årsmeldingar dei seinare åra.

Med bakgrunn i personvernundersøkinga har Datatilsynet derfor utarbeidd ein handlingsplan for målretta informasjon om plikter og rettar på personvernområdet.

I handlingsplanen blir det skissert tiltak som tek sikte på å gi dei aktuelle verksemdene relevant og målretta informasjon om innhaldet i personvernlovgivinga, dei krav den stiller og kva ein kan gjere for å etterleve føresegnene. Samtidig skal befolkninga gjerast merksam på moglege personvernutfordringar ein som enkeltindivid kan stå overfor. Den enkelte skal dermed gjerast i stand til i større grad å hevde sine personverninteresser og stille krav til dei som samlar inn og behandlar personopplysingar. På denne måten kan kvar enkelt også fungere som ein pådrivar for at verksemdene i større grad skal etterleve lovgivinga.

Datatilsynet har tru på at ein slik handlingsplan vil kunne føre til vesentlege forbetringar, slik at styresmaktene på si side reelt sett tek vare på si informasjons- og rettleiingsplikt overfor borgarane og alle dei verksemdene som behandlar personopplysingar.

Handlingsplanen blei ved årsskiftet oversend Fornyings- og administrasjonsdepartementet som eit såkalla «satsingsforslag» for statsbudsjettet 2007 med budsjettverknader for perioden fram til 2010.

5.2 Direkte publikumskontakt

Datatilsynet legg stor vekt på å vere lett tilgjengeleg og yte god service overfor dei enkeltpersonar eller verksemdar som av eige initiativ søker råd og rettleiing når det gjeld personvernlovgivinga, anten det dreier seg om rettar, plikter eller andre tilgrensa tema. Ein vesentleg del av ressursane blir derfor nytta til å behandle spørsmål som kjem inn via brev, e-post og telefonar. Dei aller fleste spørsmåla blir kanaliserte til ei profesjonalisert førstelinjeteneste, «Frontservice», sett saman av juristar som også trekkjer på teknologisk kompetanse når dei ser behov for det. Dette sikrar at publikum raskt og enkelt får den faglege rådgivinga som er nødvendig. Bemanninga ved Frontservice blei i 2005 ytterlegare styrkt med éin medarbeidar, slik at tenesta no blir driven av fire juristar. I tillegg til å svare på telefonar og e-post, medverkar Frontservice også med vanleg juridisk saksbehandling.

Kor mange og kor lenge?

I løpet av 2005 blei det registrert at det blei svart på 9 527 spørsmål over telefon og 3 580 pr. e-post. Dei reelle tala er likevel høgare, idet ein del førespurnader går direkte til andre saksbehandlarar. Det

Tabell 1.1

Tema	Plikt	Rett	Sum	Prosent
Arbeidsliv	756	773	1529	16 %
Informasjonstryggleik	1 322	36	1 368	14 %
Reservasjon/DM	132	838	970	10 %
Kameraovervaking	525	250	775	8 %
Melding/konsesjon	660	37	697	7 %
Økonomi	131	498	629	7 %
Kunde-/medlemsregister	363	264	627	7 %
Fødselsnummer	121	473	594	6 %
Skole/barnehage	225	74	299	3 %
Helseforvaltning	187	86	273	3 %
Internett	128	142	270	3 %
Forsking	229	19	248	3 %
Sosial/trygd/barnevern	109	107	216	2 %
Internasjonalt (overføring til utlandet)	67	7	74	1 %
Anna	443	498	941	10 %
Sum	5 411	4 116	9 527	100 %

går stort sett greitt å få kontakt med Datatilsynet over telefon. Når det gjeld e-post har svartida normalt vore på ca ei veke, men på grunn av tidvis stor pågang var svartida i periodar opp mot tre veker. Etter at ein har sett eit ekstra fokus på dette er svartidene for e-post no sjeldan lenger enn tre-fire dagar, og ofte kortare. Ved årsskiftet var det ingen usvarte e-postførespurnader.

Kva handlar førespurnadene om?

«Arbeidsliv» har erstatta direkte marknadsføring som det temaet det kom flest førespurnader om til Frontservice i 2005. Dette kjem nok i første rekke av den store merksemda som tilsynssakene i forhold til blant andre Redningsseksjonen og Vinmonopolet fekk når det gjaldt arbeidsgivars innsyn i tilsettes e-post.

«Informasjonstryggleik» er også eit tema som mange vender seg til Datatilsynet om. Naturleg nok kjem dei aller fleste førespurnadene då frå representantar for plikthavarane, det vil seie dei «behandlingsansvarlege» etter terminologien i personopplysningsloven.

Tabellen nedanfor viser telefonførespurnadene fordelte på tema, og om innringaren opptretr som (eller på vegner av) plikt- eller rettshavar.


Gledeleg nedgang i talet på klagar på direkte marknadsføring

Datatilsynet er tilfreds med at talet på førespurnader om direkte marknadsføring har gått ned samlikna med året før. I 2005 blei det registrert 970

førespurnader pr. telefon og 320 førespurnader pr. e-post om temaet. Året før kom det samla inn over 2 000 førespurnader om det same. Dette må seiast å utgjere ein gledeleg nedgang, idet majoriteten av dei som vender seg til Datatilsynet om dette gir uttrykk for sinne og frustrasjon over at dei mottek direkte marknadsføring trass i at dei har reservert seg mot dette.

5.3 Rettleiingsmøte om informasjonstryggleik

Datatilsynet har lagt vekt på gi råd og rettleiing til verksemdar som arbeider med å sikre personopplysningar i samsvar med regelverket. Det



Figur 1.2

blei gjennomført ca 80 rettleiingsmøte med informasjonstryggleik som hovudtema. Rettleiingsmøta er eit tilbod til plikthavarane og deira rådgivarar. I slike møte får aktørane høve til å leggje fram skisser til løysingar som blir drøfta med styresmaktene. Datatilsynets oppgåve er å gi råd i forhold til korleis ein skal forstå regelverket, og tilsynet gir derfor ikkje formelle vurderingar under rettleiingsmøta. Tilbodet har blitt godt motteke av aktørane og gir også positive ringverknader for Datatilsynet sjølv, ved at etaten på eit tidleg stadium får kjennskap til planlagde og pågåande aktivitetar. Tilsvarende blir det halde ei rekkje møte for reine juridiske avklaringsar.

5.4 Stor mediemerksemd

I forhold til organisasjonens storleik og administrative ressursar var Datatilsynet også i 2005 ein svært synleg aktør i samfunnsdebatten og i medie-biletet. Mange ulike saksområde har aktualisert interessa for, og spørsmål om, personvern frå journalistar.

Datatilsynet tok seg av over tusen medieførespurnader i 2005. I dei aller fleste tilfella blei det gitt intervju og kommentarar til aviser, tv, radio eller internettbaserte medium. Datatilsynet har òg vore representert i mange debattar på radio og tv.

Som tabellen nedanfor viser blei det i løpet av 2005 registrert over fire tusen nyheitsinnslag på norske medias internettsider der Datatilsynet var omtalt, mot 2 189 året før. I tillegg til at det har vore mange saker som har vore omfatta av stor medieinteresse, kan den store auken også skuldast at det er blitt fleire internettbaserte medium, og at søkjemotoren i medieovervakingstenesta fangar opp fleire nyheitsinnslag enn tidlegare.

Tabellen nedanfor viser talet på registrerte nyheitsinnslag i internettbaserte medium:

Nyheiter som kjem i trykk (fagtidsskrift og lokale medium) eller på tv/radio utan at desse samtidig blir gjorde tilgjengelege på Internett er ikkje med i dette talmaterialet.

Datatilsynets postjournal blei frå hausten 2005 gjort tilgjengeleg for media gjennom Statskonsults elektroniske postjournal (EPJ).

Tabell 1.2

	2003	2004	2005
Tal nyheitsinnslag	1 500	2 189	4 143

5.5 Personvernrapporten framleis populær

I tillegg til å utarbeide den tradisjonelle årsmeldinga som blir lagd fram for Stortinget, blei det også i 2005 utarbeidd ei popularisert trykksak, «Personvernrapporten 2005». Personvernrapporten blei trykt i ni tusen eksemplar og distribuert til 4 500 mottakarar. Også denne gong fekk den populariserte utgåva monaleg større merksemd enn ved tidlegare tradisjonelle årsmeldingar. Personvernrapporten blei omtalt i media og er blitt jamleg tinga frå skolar og andre interesserte.

5.6 Datatilsynets heimeside

Datatilsynet lanserte i 2005 ei ny heimeside. Den nye sida gjer det mogleg å ha breiare informasjon innanfor fleire tema enn det som var mogleg med den gamle. Datatilsynet legg stor vekt på å bruke nettsida aktivt. Det blei i meldingsåret publisert 85 eigenproduserte nyheitsartiklar på framsida. I tillegg blei det laga seks nye temasider med mange artiklar i kvar, samt bygd opp ei betre side for regelverk.

2 350 personar står på Datatilsynets abonnentliste for nyheitsbrev. Talet på daglege besøkjande på heimesida er 1 200, noko som er ei markant forbetring i forhold til dei om lag 700 besøkjande den gamle heimesida hadde. Heimesida fekk svært god omtale i norge.no/noreg.no si kåring av offentlege nettstader.

5.7 Seminar og foredragsverksemd

Bortsett frå eit seminar for personvernombod har Datatilsynet heller ikkje i 2005 arrangert kurs eller seminar i eigen regi, men prioriterer å stille opp når andre ønskjer at vi deltek på deira kurs eller seminar. Dei aller fleste førespurnadene har derfor fått positivt svar. I 2005 stilte Datatilsynet opp med foredragshaldar på 92 ulike seminar og konferansar, mot 70 året før.

Datatilsynet samarbeidde i februar 2005 med bransjeorganisasjonen NELFO om ein større dagskonferanse om kameraovervaking. Tilsynet deltok også aktivt ved gjennomføringa av ein to dagars konferanse om informasjonstryggleik i kommunal sektor, i regi av foreininga Kommunal Informasjonssikkerhet (KINS).

6 Tilsynsverksemda

Tilsynsverksemda er eit viktig verkemiddel i Datatilsynets arbeid med å fremje eit godt per-

sonvern i samfunnet. I tillegg til å kontrollere korleis regelverket blir etterlevd, er tilsyna også ein viktig kanal for dialog og kunnskapsoverføring, til nytte for både tilsynsobjekta og Datatilsynet.

Datatilsynet innførte i 2004 såkalla «brevlege tilsyn» som eit supplement til «stadlege tilsyn» eller tilsyn på staden, der sistnemnde inneber besøk hos tilsynsobjekta. Denne framgangsmåten blir i hovudsak vald ved systemrevisjonar og ved verifisering av konkret dokumentasjonsplikt. Der behovet for direkte dialog er meir framtrudande, er besøk hos tilsynsobjekta framleis mest nytta. Metoden har vore vidareført i 2005.

Datatilsynet gjennomførte til saman 130 brevlege og stadlege tilsyn i 2005. Oversikta nedanfor viser tilsynsaktiviteten innan ulike område:

Felta merkte med * blei gjennomførte som tilsynsprosjekt, noko som fører med seg noko tyngre satsing på kartlegging/forarbeid i tillegg til oppfølging av bransjen eller sektoren i ettertid.

Datatilsynet meiner at tilsyn må kombinerast med annan verkemiddelbruk om det skal ha ein tilfredstillande effekt. Først når erfaringane frå tilsyna blir spreidde og kombinerte med andre verkemiddel, kan fleire plikthavarar dra nytte av arbeidet.

Datatilsynet arbeider med å utvikle ein betre struktur for bruk av resultat frå tilsynsarbeidet. Dette arbeidet vil bli ført vidare i 2006.

Tabell 1.3

Bransje / Sektor	Tal
Advokatverksemd	1
Arbeidsliv *	22
Barnehagar	3
Fjernsynsovervaking	12
Forsking	16
Helse *	14
Idrett *	27
Inkasso *	11
Justis	2
Kommune	1
Kundeopplysningar	10
Tannlege	6
Utdanning	4
SIS – informasjonssystem	1
Sum	130

6.1 Generelle funn

Mange verksemdar ser ikkje ut til å vere klare over at det finst plikter i personopplysningsloven som også gjeld dei. Altfor få verksemdar har ei samla oversikt over kva for personopplysningar dei faktisk behandlar. Dei har heller ikkje sett i gang nødvendige aktivitetar for å møte dei pliktene dei har etter regelverket. Dei aller fleste tilsynsobjekta får derfor merknad frå Datatilsynet om manglande internkontroll. Dette er alvorleg fordi eit slikt system vil danne fundamentet i korleis personvernlovgivinga blir etterlevd. Erkjenning av – og oversikt over – bruken av personopplysningar er ein grunnleggjande føresetnad for at verksemda skal rette seg etter regelverket. Identifisering av den som har ansvar er ein tilsvarande føresetnad.

Tilsynsaktivitetane tyder på at mange verksemdar har problem med å oppfylle krava i regelverket når det gjeld informasjonstryggleik. Regelverket tek utgangspunkt i plikta den behandlingsansvarlege har for å sørge for «forholdsmessig tryggleik». Dette blir oppfatta som ei vag formulering og eit noko uklårt krav av enkelte verksemdar. Vurdering av risiko, som er det heilt sentrale elementet i regelverket, ser ut til å framstå som utilgjengeleg og framand for mange. På den eine sida vil verksemdene gjerne ha stor fleksibilitet når det gjeld løysingar, men ønskjer samtidig føringar for kva som er akseptabelt.

Mangel på systematikk i arbeidet med informasjonstryggleik er det mest framtrudande i 2005. Dokumentasjonen av informasjonstryggleiken er ein gjennomgåande mangel ved mange tilsyn. Dette illustrerer problema verksemdene har med å forstå regelverket. Dei er ofte ikkje vane med å tenkje systematisk i forhold til tryggleik og er ukjende med informasjonsteknologi.

Dei fleste verksemdene set i likevel i verk visse tiltak for å verne personopplysningane. Det blir òg rapportert om relativt få hendingar med tryggleiksbrot. Årsaka til at det stort sett ser ut til å gå bra har nok like mykje med trusselbiletet å gjere som med kor sårbare systema er. Etter kvart som stadig fleire aktørar knyter interne system til opne grensesnitt, slik som Internett, vil trusselbiletet kunne endre seg drastisk.

6.2 Kort om tilsyn som ikkje er omtalte i temadelen

I hovudsak finn ein tilsyn oppsummerte under temaartiklane. I tillegg såg Datatilsynet på følgjande sektorar og tema:

Barnehagar

Hovudinstrykket etter tilsyna i barnehagane var ei bevisst haldning til behandling av personopplysningar. Ingen alvorlege manglar blei påpeikte. Det blei likevel registrert nokre problem knytte til publisering av bilete på Internett. Datatilsynet peikte på krava i regelverket når det gjeld samtykke. Tilsvarande blei krav til samtykke også teke opp som ei problemstilling ved utvida lagring av personopplysningar etter at barn slutta i barnehagen. Det blei også peikt på nokre manglar med omsyn til manglande internkontroll.

Idrett

Datatilsynet har i 2005 gjennomført eit forprosjekt der idretten si behandling av personopplysningar er vurdert, både innanfor toppidretten og på breidd-/mosjonistnivået. Eit særleg fokus er retta mot dopingtestar av utøvarar og mosjonistar, både innanfor og utanfor den organiserte idretten. Prosjektet blir følgd opp i 2006.

Forprosjektet avdekte eit behov for ein nærmare gjennomgang av det rettslege rammeverket rundt dopingtestar og forholdet til personvernet. Det må vurderast om samtykke frå den enkelte er eit eigna grunnlag for dopingtestar på alle nivå eller om slike testar bør få ei klårare forankring i lovverket. Det er også behov for ei nærmare grensedraging i forhold til på kva område dopingtestar kan akseptast og på kva område dette må reknast som eit uforholdsmessig inngrep. Utøvarnivå og alder vil vere særleg relevante moment i denne samanheng.

Skole

Undervisningssektoren blei vald ut på bakgrunn av tips. Tipsa dreidde seg om handtering av personopplysningar ved private skolar, i tillegg til undervisningssektorens bruk av nettsentriske system for oppfølging av kvar enkelt elev og loggføring av eleven sine aktivitetar.

Ein del av tilsyna mot undervisningssektoren hadde til formål å skaffe Datatilsynet ei betre innsikt i bruk av elektroniske læringsverktøy i undervisningssektoren. Bruk av skoleportalar har auka kraftig dei seinare åra. Erfaringane frå tilsyna er berre baserte på tilsyn innan Oslo kommune, dessutan i form av brevtilsyn mot ein vidaregåande skole i Troms.

Datatilsynet avdekte ein del problemstillingar knytte til elektroniske læringsverktøy. Alle problemstillingar er knytte til lagring, sletting og kven som får tilgang til det lagra materialet. Under tilsynet kom det fram ønske om lagring av utvalde

arbeid frå heile utdanningstida til eleven. Dette reiser spørsmål i forhold til sletteplikta som ligg i regelverket. Tilgangsstyring til dei elektroniske læringsverktøya verkar også noko svak. Lærarane får ei relativt detaljert oversikt over elevanes arbeid og framdrift, blant anna kor lang tid eleven bruker på skolearbeidet. Det er òg mogleg for lærarane å få fram dei same opplysningane om andre lærarar. Det er uklare rutinar for sletting generelt, både i forhold til handtering av sletting i applikasjon og i forhold til tryggingsskopiar.

Kundeopplysningar

Tilsyna som blei gjennomførte knytte til handtering av kundeopplysningar avdekte noko varierende praksis med omsyn til bruk av personopplysningar. Tilsynsobjekta var verksemdar innan bilbransjen og nokre kulturinstitusjonar. Ein gjennomgåande observasjon var mangel på rutinar knytte til sletting av personopplysningar. Fleire aktørar hadde ikkje system som gjorde det mogleg å utføre fullstendig sletting av kundeopplysningar, mens andre hadde mangelfulle rutinar. Det blei også avdekt manglar i forhold til internkontroll generelt.

7 Tema og tendensar i 2005

Datatilsynet har i årsmeldinga for 2005 valt å trekkje fram sju trendar. Trendane er på ingen måte nye av året, men er like fullt sider ved personvernutviklinga som har vore spesielt framtrudande i meldingsåret. Trendane er hovudsakeleg plukka ut etter erfaringar frå tilsyn og saksbehandling, frå høyringsarbeidet, deltaking i forskjellige arbeids- og styringsgrupper, og gjennom saker som Datatilsynet er gjort merksam på gjennom si eiga medieovervaking.

1) Privat etterforsking pressar personvernet

I 2005 såg Datatilsynet fleire eksempel på at private aktørar tok i bruk metodar ein kanskje helst forbind med politiet, og som i tillegg er strengt regulerte når politiet nyttar dei. I desse sakene var det anten arbeidsgivarar eller private etterforskarar/privat spesialkompetanse leigd inn av arbeidsgivarane som etterforska misferd eller uønskt åtferd hos tilsette. Datatilsynet politimelde ei verksemd for skjult kameraovervaking, ei anna verksemd som brukte bilete frå kameraanlegget som «bevis» for at ein reinhaldsbetjent ikkje vaska godt nok, og ytterlegare to verksemdar, som utan å informere dei det gjaldt sjølve gjekk gjennom sletta filer og

sms-ar frå tilsette for å avdekkje uønskt aktivitet. Desse enkeltsakene er omtalte under kapitlet om arbeidsliv. Tilsynet fekk i kjølvatnet av desse sakene også inn to nye saker der enkelte tilsettes e-postar systematisk hadde gått i blindkopi til leinga utan at den tilsette var informert om praksisen. I løpet av 2005 fekk Datatilsynet også førespurnader frå enkeltpersonar som meinte at dei var utsette for «spaning» ved hjelp av vaktelskap som ønskte å avdekkje misferd og dårleg service. Mot slutten av meldingsåret dukka tilsvarende problemstillingar også opp i pressa.

Datatilsynet konstaterte i meldingsåret at private aktørar ønskjer å overvake fildelingsnettverk for å avdekkje urettmessig kopiering av opphavsrettsverna åndsverk som musikk og filmar. Dette er nærmare omtalt under avsnittet om Internett.

Datatilsynet ser at privat etterforsking kan innebere ein trussel mot personvernet. Når ein arbeidsgivar eller ein privat aktør etterforskar, har den mistenkte i realiteten ikkje dei same rettane som han ville hatt om politiet hadde stått for etterforskinga. Datatilsynet meiner òg det kan vere aktuelt å sjå nærmare på eit eventuelt medverkaransvar for aktørar som yter hjelp til privat etterforsking.

2) Fleire vil unngå informasjonsplikta

Det er ein sentral føresetnad for personvernlovgivinga at kvar enkelt har kunnskap om kva opplysningane skal brukast til. Utan kunnskap er ein fråteken sjansen til å ta vare på sine egne interesser, og bruke dei rettar ein har etter loven.

Datatilsynet ser ein tendens til at stadig fleire offentlege instansar og private verksemdar meiner at dei kan bruke personopplysningar utan å melde frå til den det måtte gjelde.

I meldingsåret såg Datatilsynet fleire døme på dette, frå dei mykje medieomtalte sakene som vedrører innsyn i tilsettes e-post i Redningsselskapet og Vinmonopolet, til dei mindre omtalte, som for eksempel den feilaktige informasjonen gitt til befolkninga når det gjeld reseptregisteret og i kor stor grad det er mogleg å finne tilbake til identiteten til dei registrerte. Desse sakene er nærmare omtalte i avsnittet om arbeidsliv og avsnittet om helse og forskning.

Paradoksalt nok verkar det som at det er det offentlege sjølv som i størst grad ønskjer å unngå informasjonsplikta. Ei unntaksføresegn i personopplysningsloven for register med heimel i lov gjer at dette også er mogleg. Datatilsynet ønskjer at denne unntaksføresegna blir stramma inn, slik at fleire må informere den registrerte.

3) Store endringar innan politi- og justissektoren internasjonalt påverkar personvernet også i Noreg

I politi- og justissektoren innan EU skjer det no store og viktige endringar basert på ønsket om meir samarbeid og meir utveksling av opplysningar blant anna gjennom samarbeidet innan Euro-pol (politisamarbeid), Eurojust (påtalesamarbeid), og Schengen informasjonssystem (SIS). Desse trendane kan påverke personvernnivået i Noreg.

Noreg er gjennom EØS-avtalen inkludert i delar av det europeiske grenseoverskridande samarbeidet. Dette gjeld blant anna avtaleverket rundt den indre marknaden («første søyle») og felles utanriks- og tryggingsspolitikk («andre søyle»). Personvernet i første og andre søyle er regulert av personverndirektivet. Men politisamarbeid og kamp mot kriminalitet («tredje søyle») ligg utanfor dette samarbeidet, og er ikkje omfatta av direktivet.

EU har sett eit behov for å samordne personvernnivået i tredje søyle, og Kommisjonen har no lagt fram eit forslag for eit rammeverk for dette.

Når vi har ei sterk norsk interesse i å delta på justisfeltet, etterlyser Datatilsynet ei tilsvarende interesse for å delta også når det gjeld utviklinga av personvernensida av samarbeidet. Som eit eksempel på manglande interesse, kan nemnast at Justisdepartementet sende allereie vedtekne endringar i regelverket for Schengen informasjonssystem til høyring, mens tre andre sentrale rettsakter, der det framleis var mogleg å påverke utfallet, låg til behandling i EU. Desse rettsaktene, saman med kommisjonens forslag til eit rammeverk for personvernet innan tredje søyle, kan få mykje å seie for Noreg. Datatilsynet er bekymra for at Justisdepartementet ved å vere seint ute med sine forslag, svekkjer sjansen for å gi dei ei utforming som i rimeleg grad oppfyller viktige personvernomsyn. Ein kan lese meir om dette i kapitlet om politi-, justis-, og utlendingsfeltet.

4) Press mot teieplikt og personvern i store, overgripande offentlege databasar og journalsystem

Fleire etatar og offentlege instansar arbeider no med samanslåing av store datasystem eller store databasar til endå større system med endå større datamengder. Eit fellestrekk ved dei aller fleste av desse sakene er at ein ikkje har hatt ein tilfredsstillende gjennomgang av den endra risikoen eit større system vil medføre for personvernet til kvar enkelt. I 2005 såg Datatilsynet denne trenden tydeleg i forslaget til ny arbeids- og velferdsetat, og forslaget til eit norsk pasientregister (NPR) med namn og fødselsnummer.

I den første saka påpeikte Datatilsynet, saman med bl.a. Helsetilsynet, store manglar i forhold til teieplikt og personvern. Denne saka blir nærmare omtalt i avsnittet *Stat og kommune*. Når det gjeld Norsk pasientregister, påpeikte Datatilsynet at eit slikt omfattande register med fullt namn og fødselsnummer blant anna ville endre risikobiletet for alle andre aidentifiserte sjukdomsregister. Også Justisdepartementet støtta Datatilsynet i at det foreslåtte pasientregisteret er dramatisk for personvernet. Saka er nærmare omtalt i avsnittet om *helse og forskning*.

Eit anna fellestrekk ved mange av desse store informasjonssystema er ønsket om å gi vid tilgang til opplysningar i databasane. Ønsket er i hovudsak basert på omsynet til effektiv informasjonsflyt, og ei tru på at det vil bli vanskeleg å finne ut kva opplysningar som er nødvendige. Ei slik oversikt er likevel eit grunnleggjande krav i personopplysningsloven. Datatilsynet ser på dette som ei ansvarsfråskrivning på systemnivå, og er bekymra for at personvernet berre skal vere opp til kvar enkelt tilsett sin integritet og eigne vurderingar. Datatilsynet rår i slike saker til å gi snevrare tilgang basert på ei førehandsvurdering av kva for opplysningar kvar enkelt saksbehandlar treng for å utføre arbeidet sitt. Dersom ein tillet vide tilgangar, må ein i det minste sørge for grundig loggføring og tilfredsstillande etterkontroll av enkeltoppslag.

Kven som skal ha tilgang i dei store databasane og journalssystema har vore eit sentralt tema for Datatilsynet i etableringa av ein ny arbeids- og velferdsetat, og i arbeidet med å etablere ei nasjonal norm for informasjonstryggleik i helsesektoren. Desse sakene er omtalte høvesvis i kapitlet *Stat og kommune* og i kapitlet *Helse og forskning*. Datatilsynet har i tillegg arbeidd med denne problemstillinga i ei lang rekkje tilsynssaker hos helseføretak.

Misbruk

I 2005 behandla Datatilsynet to konkrete saker som gjaldt misbruk av informasjon i store datasystem. Den eine gjaldt urettmessig lesing av journalopplysningar ved Helgelandssykehuset, og den andre saka gjaldt ein politimann som brukte opplysningar frå politiregistra i vurderinga av potensielle leigetakarar til si private hytte.

Typisk nok blei ingen av desse sakene avslørte på bakgrunn av verksemdas eigne kontrollsystem, snarare på bakgrunn av tilfeldige hendingar og førespurnader frå enkeltpersonar. Sakene er nærmare omtalte under kapitla om høvesvis helse og forskning, og politi- og justisfeltet i Noreg.

Datatilsynet har tidlegare påpeikt at loggføringa av oppslag i databasar og journalssystem hos

dei aller fleste store systemeigarane har vore mangelfull, og konstaterer at fleire verksemdar har komme ganske kort på dette området.

5) Gjenbruk, nye formål og «evig lagring».

Gjenbruk av personopplysningar til nye formål er problematisk i forhold til personvernet av fleire årsaker. For det første vil den registrerte ofte ha danna seg ei forståing av det opphavlege formålet med opplysningane. Den registrerte sin rett til kunnskap, verksemdas informasjonsplikt og hovudregelen om samtykke frå den registrerte er fundamentet i europeisk personverntenking. Dersom opplysningar blir gjenbrakte til nye formål som strir mot det opphavlege formålet, kan ein risikere å fjerne dette grunnlaget.

For det andre kan det liggje føre ulike krav til at registrerte opplysningar skal vere kvalitetssikra og pålitelege. Opplysningar som er samla inn for eitt formål, er ikkje automatisk tilstrekkelege og relevante for alle andre formål.

Problematikken med nye formål er òg omtalt i avsnittet om Indicia, politiets nye etterretningssystem, der politiet ønskjer å kople til fleire kjelderegister; dessutan i avsnittet om datalagringsdirektivet, der EU ønskjer lagring av opplysningar om tele- og datatrafikk til etterforsknings- og førebyggingsformål.

Datatilsynet har observert at stadig fleire aktørar ønskjer lagring i stadig lengre tid. Jo lenger opplysningane blir oppbevarte, jo meir sannsynleg er det at det òg er ønske om å nytte dei i nye samanhengar. Det kan sjå ut som at opplysningar som først er lagra, sjeldan blir sletta. Lagringsønska kan kvar for seg framstå som gode og velgrunna, men summen av lagra opplysningar om kvar enkelt av oss blir på den måten overveldande. Forlenging av lagringstida er ei aktuell problemstilling blant anna i avsnittet om nye kapitaldekningsreglar i kapitlet om økonomi og forsikring.

Datatilsynet har i meldingsåret også problematisert at nokre aktørar bruker tryggingsskopiar som ei form for «evig lagring». Desse kan utgjere ein personvernrussel dersom dei blir tekne i bruk til nye formål, som for eksempel å sjekke handlingane til ein tilsett lang tid etter at handlingane har skjedd.

6) Fleire personopplysningar blir publiserte på Internett

Datatilsynet har gjennom fleire år sett ein todelt publiseringstrend; ein generell, der personopplysningar meir eller mindre ukritisk blir publiserte på nett, og ein personleg retta, der stadig fleire aktørar opprettar personlege sider for kundar eller andre interessentar.

Datatilsynet registrerer at generell publisering av personopplysningar i mange tilfelle skjer utan samtykke frå den opplysningane gjeld. Dette er ikkje uproblematisk, verken i forhold til etiske vurderingar eller i forhold til personopplysningsloven. Problemet blir tilspissa ved at den behandlingsansvarlege skyt seg inn under yringsfridom som grunnlag for publiseringa. Sjå meir om denne problemstillinga i avsnittet *Publisering av sportsprestasjonar og terningkast for utleigarar* i kapitlet om Internett og i avsnittet *Lyd- og biletopptak i rettsalen* i kapitlet om justisfeltet i Noreg. Internettpublisering vil også kunne vere ei form for «evig lagring» som omtalt i avsnittet over, noko som kan gi store konsekvensar for den enkelte. Ein dumskap eller eit feiltrinn som er omtalt på Internett – sanning eller oppspinn – kan hefte ved ein enkeltperson i svært lang tid, og gjere det vanskeleg for vedkommande både i arbeidslivet og i privatlivet. Såkalla «googling», der ein bruker søkjemotorar på Internett for å finne opplysningar om enkeltpersonar, kan gi svært mange ukvalifiserte opplysningar. I meldingsåret har Datatilsynet sett at for eksempel arbeidsgivarar også ser på slike opplysningar i tilsetjingsprosessar.

Nyheiter over TV og radio gir ikkje lenger berre augneblinksbilete. Nyheitene blir publiserte på Internett og blir til informasjon som kan søkjast opp i uoverskodesleg framtid. Ved ei publisering på Internett mistar ein kontrollen over informasjonen, og ein har ingen reell garanti for formåla til den som kopierer materialet.

I slutten av 2005 gjekk Nasjonalbibliotekets konsesjon ut for lagring av publiserte tekstar under det norske domenet «.no». Etter Datatilsynets meining kan ei slik lagring kanskje vere fornuftig frå ein forskingsståstad, men frå ein personvernståstad er det vanskeleg å forsvare at eit statleg organ automatisk skal lagre kvart einaste publiserte innlegg i diskusjonsfora, artiklar og alt anna materiale for ettertida, utan å gjere ei konkret vurdering av bevaringsverdien.

Passordverna «personlege sider» kan vere ei tryggingmessig utfordring. Stadig fleire verksemdar tilbyr passordverna personlege sider med til dels svært omfattande informasjon om kvar enkelt. Staten innfører snart si eiga løysing *Mi(n) side*. Kundar og brukarar har ei forventning om at slike sider har eit høgt tryggleiksnivå og at informasjonen er konfidensiell. Problemstillinga er nærmare omtalt i avsnittet om den statlege *Mi(n) side* under Internettkapitlet.

7) Anonyme alternativt forsvinn

Når identifisering er unødvendig, bør det vere mogleg å vere anonym. Identifikasjon blir likevel kravd i stadig fleire samanhenger. I 2005 blei det påbode å registrere eigarane av førehandsbetalte kontantkort for mobiltelefon. Datatilsynet har mange gonger påpeikt at det oppstår eit press mot personvernet når kvar enkelt stadig oftare må identifisere seg for å ta del i daglegdagse gjeremål som før ikkje kravde identifisering.

Dette presset oppstår fordi det primære formålet, å ta betalt for ei teneste, blir kopla opp mot identifisering av betalaren. Stadig blir det introdusert nye elektroniske betalingsløysingar der det blir gjort mogleg å identifisere beraren, utan at dette er det primære formålet, men snarare noko som er «praktisk» av andre årsaker. Elektronisk billettering er eit eksempel på ei slik løysing der identifisering av beraren er ein tilleggsfunksjon. I det offentlege rommet blir elektronisk overvaking via elektroniske namneskilt dermed nesten umogleg å unngå. Dette gjeld på grunn av eigenskapane til blant anna mobiltelefonar, Autopass-brikker, nye pass og elektronisk billettering, men også på grunn av identifiserande løysingar som informasjonsskapslar («cookies»), elektroniske ID-kort og elektroniske signaturar på Internett. Med slike innebygde teknologiar kan ein lettare bli utsett for både identitetssjekk og sporing – utan sjølv å vite når det skjer eller kven som står bak.

Datatilsynet og Justisdepartementet fekk i 2005 laga ei kartlegging av elektroniske spor. Denne kan ein lese meir om i neste kapittel.

I meldingsåret begynte innføringa av elektroniske IDar til folk flest. Når så å seie alle i framtida vil ha dette, vil truleg også fleire krevje legitimasjon før ein får tilgang på tenester eller informasjon. Elektroniske IDar er både eit gode for å kunne lage sikre tenester på nett, men kan også medføre færre arenaer der ein kan vere anonym. Denne utviklinga kan derfor føre til endå større press på personvernet til kvar enkelt. Meir om elektroniske IDar kan ein lese i avsnittet om *Mi(n) side* i kapitlet om stat og kommune.

Meir anonymitet og sporing finn ein i samferdselskapitlet, avsnittet om heilautomatiske bomstasjonar, og i avsnittet flåtestyring i arbeidslivskapitlet.

7.1 Haldningsundersøkingar og elektroniske spor

Elektroniske spor

I meldingsåret kartla Norsk Regnesentral elektroniske spor på oppdrag frå Datatilsynet og Justisdepartementet. Elektroniske spor kan vere både

informasjon om kommunikasjonen, for eksempel tidspunkt, sendar og mottakar (hendingsdata), og det som blir kommunisert (innhaldsdata). Vi let etter oss elektroniske spor når vi for eksempel loggar oss på datamaskinen, surfar på Internett, betaler med kort, ringjer med telefon, har mobiltelefon slått på, registrerer oss i eit kunderegister, kjører gjennom bomringen med abonnementsbrikke eller har moderne bil med sensorar som registrer hendingar og overvaker forskjellige faktorar i bilen.

Sårbare opplysningar

Elektroniske spor blir danna både i det elektroniske utstyret ein sjølv bruker, i programvare som ein passerer på vegen mellom sendar og mottakar, og hos mottakaren. Det vil seie at elektroniske spor ofte blir lagra hos andre enn ein sjølv.

Opplysningane er sårbare for misbruk alt etter kor godt dei er sikra. Berre i enkelte tilfelle kan ein kontrollere opplysningane. Ofte er til og med ens eigne elektroniske hjelpemiddel, som datamaskin, mobiltelefon, og sensorsystemet i moderne bilar såpass samansette at dei færraste klarer å ha oversikta over personvern- og tryggleiksrisiko.

Før kunne ein vere rimeleg sikker på at elektroniske spor blei overskrivne relativt raskt. Det kan ein ikkje lenger. Lagringskapasiteten er no blitt så billig at ein ikkje lenger utan vidare kan rekne med at opplysningar «forsvinn» av seg sjølv.

Framtida

Mengda av elektroniske spor som blir lagd igjen i samfunnet vil auke markant dei nærmaste åra. Løysingar der ein før ikkje let spor etter seg, til dømes ved bruk av kontantbetaling, vil i stadig større grad erstattast av løysingar der ein blir identifisert, som for eksempel ved kortbruk. Den anonyme løysinga, kontantbetaling, blir ikkje i same grad understøtta av teknologien.

Talet på elektroniske løysingar vil auke, og det vil også brukargruppa som har tilgang til dei. Ein får opphopingar av tenester i portalløysingar der det i stor grad er mogleg å samle informasjon om brukarane. Utstyret vi har heime vil i aukande grad bli meir «intelligent». Allereie no er det vanleg at kabelselskap og breibandsleverandør kontaktar kabelmodem og ruter for å sjekke eventuelle feil. Det er også vanleg at TV-en «hugsar» sist sette program, pluss ei rad innstillingar. Denne utviklinga vil halde fram, og lagringsevnene vil bli meir sofistikerte, meiner forfattarane av rapporten.

Haldningar til personvern

Datatilsynet og Moderniseringsdepartementet gjennomførte i 2005 ei undersøking om haldningar til personvern, samt oppfatningar om personvern i verksemder. Undersøkinga blei utført av forskar Ingar-Anne Ravlum ved Transportøkonomisk institutt (TØI).

Tala viser at befolkninga generelt er lite uroleg for misbruk av personopplysningar. Likevel peikar visse område seg ut. Seks av ti er bekymra for misbruk av personopplysningar når dei bruker Internett. Fire av ti er bekymra for misbruk ved bruk av mobiltelefon. Kvar tredje spurde er bekymra ved betaling med betalingskort.

Norske menn og kvinner ønskjer spesielt vern av helseopplysningar, fødselsnummer og opplysningar om familieforhold, viser tala.

Tillit

Nordmenn har jamt over tiltru til at offentlege styresmakter behandlar opplysningar om dei skikkelig. Undersøkinga viser at politiet står i ein særklasse. Seks av ti har stor tillit til måten politiet oppbevarer og bruker personopplysningar på. Av bransjane det blei spurt om, har dei spurde lågast tillit til bompengeselskap og teleselskap, følgt av ideelle organisasjonar og kredittopplysningselskap.

Tryggleik

Meir enn 90 prosent av befolkninga kjenner seg stort sett trygge der dei ferdast til dagleg.

Likevel er eit stort fleirtal av dei spurde einige i at kameraovervaking er overvegande positivt i dei fleste samanhenger. Berre på spørsmål om kameraovervaking på eigen arbeidsplass, i barar og restaurantar og ved vaskane på offentlege toalett er det eit fleirtal som meiner overvakinga er overvegande negativ.

For Datatilsynet er dette eit paradoks. Urbane-undersøkinga, eit større europeisk forskingsprosjekt på området, har ikkje vist at kameraovervaking har særleg effekt på kriminalitet. Snarare er det ting som tyder på at kameraovervaking kan ha ein ekskluderande funksjon - der somme blir utestengde frå offentlege rom etter ytre faktorar som korleis dei ser ut og kor velkledde dei er.

I tala frå Transportøkonomisk institutt går det også fram at kvar fjerde som er spurd er svært eller noko bekymra for at opptak frå kameraovervaking skal misbrukast.

Tilsynsmyndigheit

Relativt mange nordmenn og kvinner har fått med seg at det finst ei uavhengig myndigheit som passar på at personvernlovgivinga blir etterlevd. 44 prosent av nordmennene svarte at dei ikkje visste om ei slik myndigheit. Men ikkje alle nordmenn som hadde høyrte om ei tilsynsmyndigheit kunne namngi rett myndigheit. Berre ein tredel av utvalet visste at Datatilsynet har dette ansvaret.

Nordmenn kjenner tilsynsinstitusjonen i større grad enn EU-borgarane. Ei undersøking (Special Eurobarometer 196) frå seinhausten 2003 viste at så mange som to tredelar av EU-borgarane ikkje hadde høyrte om ei uavhengig myndigheit som varetok personvernet. Tala varierte mellom 52 prosent i Nederland og 77 prosent i Aust-Tyskland. I Danmark og Sverige hadde høvesvis 71 prosent og 64 prosent ikkje høyrte om ei slik myndigheit.

Verksemdenes etterleving av personopplysningsloven

Parallelt med befolkningsundersøkinga blei det gjort ei undersøking blant 424 verksemdar. Denne undersøkinga tyder på ei grunnleggjande positiv haldning til personvern blant verksemdene. Likevel er kunnskapen om personopplysningsloven og dei pliktene som følgjer av den, svært låg. Mange verksemdar meiner at krava ikkje gjeld for dei. Dette gjeld sjølv om dei bruker personopplysningar, og bruken dermed vil vere omfatta av loven. Ein låg prosentdel av verksemdene opplyser at dei etterlever krava som følgjer av loven eller forskrifta. Dette gjeld krav til informasjonstryggleik, internkontroll og informasjon til den som opplysningane gjeld.

Halvparten av verksemdene seier at dei har etablert eit system for internkontroll. Ein god del av desse opplyser likevel at dei ikkje har rutinar for sletting av opplysningar som ikkje lenger er nødvendige for det opphavlege formålet. Berre ei av tre verksemdar seier at dei fører ei systematisk oversikt over kva for personopplysningar som blir behandla i verksemda. Noko så enkelt som sletterutinar og ei oversikt over bruk av personopplysningar i verksemda er ein helt nødvendig faktor for å kunne drive verksemda i tråd med personopplysningsloven.

Datatilsynet har identifisert eit behov for å auke informasjonen mot verksemdar når det gjeld personopplysningsloven, og mot befolkninga når det gjeld personvern. Ei nærmare framstilling av handlingsplanen finn ein under kapitlet Informasjon og kommunikasjon.

7.2 Arbeidsliv

Datatilsynet valde å styrkje fokuset på arbeidsliv ytterlegare i løpet av meldingsåret. Årsaka var blant anna fleire tips og førespurnader til Datatilsynets svarteneste, samt fleire konkrete saker som blei avdekte ved tilsyn. Datatilsynet melde i 2005 fleire verksemdar til politiet for brot på personopplysningsloven enn nokon gong tidlegare. Så lenge personopplysningsloven var heilt ny, var Datatilsynet atterhalde med å politimelde verksemdar. Tilsynet ønskte at verksemdene skulle få noko rom for å tilpasse seg loven. Men i 2005 er det gått fire år etter at loven trådte i kraft, og alle overgangsperiodar er gått ut for lenge sidan. I mellomtida har Datatilsynet gjennom informasjonstiltak og tilsyn lagt stor vekt på å opplyse om kva loven krev.

I meldingsåret avdekte Datatilsynet fleire saker som stod fram som svært alvorlege brot på personopplysningsloven. Det ville gitt ein negativ signaleffekt dersom tilsynet let verksemdene slippe lett frå såpass alvorlege brot på loven.

Tilsette var ikkje varsla om innsyn i e-post

Datatilsynets politimelding av Redningsselskapet og AS Vinmonopolet knytt til urettmessig innsyn i e-post har vekt stor mediemerksemd det siste året. Datatilsynet bestemte, etter å ha motteke diverse klagar på selskapa, å gjennomføre tilsyn på staden for å avdekkje om verksemdene hadde føreteke innsyn i e-post i strid med personopplysningsloven. Dette blei stadfesta under tilsyna.

Informasjonsplikta kjem til uttrykk i personverndirektivet (Europaparlaments- og rådsdirektiv 96/46/EF). Direktivet styrkjer den enkelte sitt personvern og rettstryggleik gjennom å gi den registrerte rett, og gjennom å gi brukarar av andres personopplysningar ei rekkje plikter. Informasjonsplikta skal gi den registrerte kunnskap slik at han eller ho skal kunne nytte seg av sine rett.

I begge desse sakene har innsynet bevisst blitt gjennomført utan at dei det gjaldt blei informerte på førehand. Informasjonen blei først gitt lang tid i etterkant. Dei registrerte blei på denne måten fråtekne sjansen til å komme med sine innvendingar, og hadde heller ikkje høve til å utøve sine rett etter loven. Sakene er no til behandling hos høvesvis Asker og Bærum og Oslo politidistrikt.

I kjølvatnet av desse to meldingane har Datatilsynet motteke svært mange førespurnader knytte til same problemstilling. Det er gjennomført fleire tilsyn på bakgrunn av førespurnadene. I tre tilfelle er det avdekt såpass alvorlege brot på informasjonsplikta at Datatilsynet har varsla verksemdene om at det vurderer å politimelde forholdet. Det var

ikkje teke endeleg standpunkt til dette ved utgangen av meldingsåret.

Flåtestyring – overvaking av arbeidstakar i bil

Ved montering av GPS-system i bilar og bruk av data frå fartsskrivarar kan fleire tilsette no overvaka utan at arbeidsgivaren treng vere tilstades. Fleire arbeidstakarar har kontakta Datatilsynet og fortalt at dei ser på dette som ei påkjenning. Arbeidsgivarane held fram at data henta frå fartsskrivarar er deira eigedom, og at det er uproblematisk å sjekke data frå desse opp mot timelistene til dei tilsette.

Effektivitetsomsyn ligg til grunn for montering av GPS-system i bilane. Arbeidsgivaren kan då til kvar tid få vite kvar den tilsette er, og kan disponere menneskelege betre. Datatilsynet vil likevel ikkje tillate at data henta frå fartsskrivarar blir sjekka mot dei tilsettes timelister. Fartsskrivarar er installerte for å kontrollere at føreren av bilen overheld føresegnene om kjøre- og kviletid. Bruk av opplysningane til andre formål vil vere i strid med personopplysningsloven. Arbeidsmiljølovens føresegn om styringsrett opnar for at arbeidsgivarar kan setje i verk tiltak for å effektivisere verksemda. Flåtestyring i sanntid kan vere eit akseptabelt effektiviseringstiltak. Derimot tillet ikkje personopplysningsloven, etter Datatilsynets tolking, at innhenta data blir *lagra* med det formålet å kartlegge arbeidstakarars kjøremønster.

Kameraovervaking på arbeidsplassen

Utlevering av biletopptak utan samtykke eller lovheimel

Hausten 2003 blei det utlevert eit biletopptak frå ein tilsett i DnB NOR Bank ASA til ISS Noreg AS, som var ansvarleg for reinhaldet av bankens sine lokale. Formålet med utleveringa var å fastslå og dokumentere manglande reinhald i banklokalet. Opptaket blei vist til ISS' representant, og den ISS-tilsette kunne identifiserast på opptaket.

Klagaren, personen som var avbilda på det aktuelle opptaket, tok kontakt med Datatilsynet, og ønskte at tilsynet skulle ta saka opp med DnB NOR. Utleveringa av opptaket fekk store konsekvensar for vedkommande. Han blei ute av stand til å jobbe som eit resultat av episoden.

Sakleg grunn

Etter personopplysningsloven er kameraovervaking bare tillate dersom formålet med overvakinga er sakleg grunna i verksemda. Normalt vil kameraovervaking i eit banklokale oppfylle personopplys-

ningslovens krav til eit gyldig behandlingsgrunnlag. Formålet med overvakinga vil vere tiltak mot kriminalitet og eventuelt varetaking av dei tilsettes liv og helse.

Personopplysningar frå kameraovervakingssystem kan berre utleverast dersom den som er avbilda samtykkjer eller løyve til utlevering følgjer av lov (personopplysningsloven § 39 første ledd). Eit gyldig samtykke vil i denne samanhengen seie ei frivillig, utrykkeleg og informert erklæring frå den registrerte om at han eller ho godtek utleveringa. I dette tilfellet låg det ikkje føre eit gyldig samtykke til utlevering av opptaket.

Avdekking av dårleg reinhald vil ikkje vere sakleg grunn til å ha kameraovervaking i eit banklokale. For å avdekkje mangelfullt reinhald kunne ein ha gått fram på ein annan måte, for eksempel kunne ein representant frå ISS evaluert resultatet av vaskinga ved oppmøte, i staden for å kikke på opptak frå overvakingsskamera.

Banken er ein profesjonell part som må forventast å setje seg inn i det regelverket som gjeld for bruk av kameraovervaking. Å bli overvaka i sin daglege gjerning blir av mange oppfatta som ei påkjenning i seg sjølv. Verre er det når opptaka i tillegg blir nytta til andre formål enn det dei var berekna for, og andre formål enn dei ein har fått informasjon om. Ulovleg utlevering av fjernsynsopptak kan få store konsekvensar.

Datatilsynet fann det viktig for tilliten frå ålmenta generelt, og arbeidstakarar si stilling spesielt, at saka blei strafferettsleg forfølgd, og politimelde DnB NOR Bank ASA for brot på føresegnene i personopplysningsloven.

Politiet var einig med Datatilsynet i at det var gjort brot på personopplysningsloven, og gav DnB NOR Bank ASA ei bot på 200 000,- for forholdet. Banken vedtok førelegget.

Kameraovervaking i garderobe

Ein bilverkstad gjennomførte kameraovervaking av garderoben for sine mannlege tilsette utan at dette var skilta eller informert om på annan måte. Formålet var å oppklare eventuelle straffbare forhold utført av dei tilsette i arbeidstida. Forholdet var allereie politimeldt av dei tilsettes fagforeining då saka kom inn til Datatilsynet.

Datatilsynet vurderte på bakgrunn av informasjonen som låg føre at kameraovervakinga ikkje oppfylte lovkrava. Tilsynet kunne ikkje sjå at det låg føre eit særskilt behov for overvaking. Overvakinga var verken varsla eller meldt til Datatilsynet. På denne bakgrunnen blei saka meldt til politiet til støtte for meldinga frå fagforeininga.

7.3 Samferdsel

Kameraovervaking i buss og tog

AS Sporveisbussene og NSB ønskjer å totalovervake nokre av sine bussar og tog. Datatilsynet har godteke at det på busser kan nyttast kamera i sjåførrområdet og mot inngangspartia. Tilsvarande har tilsynet akseptert overvaking av inngangspartiet i togsett og ved lokomotivføraren i lokaltog i Oslo-området. Behovet for slike overvakingstiltak er i hovudsak grunngitt i å vere vern av dei tilsette, særleg knytt til ran og overfall av personellet. I tillegg er hærverk på materiellet halde fram som ein faktor. Datatilsynet har akseptert denne overvakinga for å vareta tryggleiken til sjåføren/togpersonellet og dei reisande. AS Sporveisbussene har gitt uttrykk for at det er ønskjeleg å installere overvakingssystem på alle bussar. Det er bestemt at alle bussar som blir kjørte på natta skal ha kameraovervakingssystem, og at alle nye bussar skal ha slikt utstyr.

Usemje om passasjerområde

For Datatilsynet er det ein føresetnad at overvakingstiltaket skal stå i rimeleg forhold til det ein søker å oppnå. NSB og Sporveisbussene har fått høve til å kameraovervake passasjerane. Men det er usemje om omfanget av overvakinga. Datatilsynet ønskjer ikkje overvaking av ordinære passasjerområde og i kupeane, og meiner at ein ikkje kan konkludere med at totalovervaking, altså overvaking ut over førarområdet og inngangsparti, har tilleggseffekt. Mindre inngripande alternativ, som for eksempel overvaking av mindre område, er enno ikkje prøvd.

Både NSB og AS Sporveisbussene klaga på Datatilsynets avgjerd til Personvernemnda. Sporveisbussene trekte seinare sin klage. Spørsmålet er no til vurdering hos Personvernemnda, og vil vonleg bli behandla i løpet av 2006.

Heilautomatiske bomstasjonar – krav om anonymt alternativ

Datatilsynet har bestemt å innføre konsesjonsplikt for heilautomatiske bomstasjonar. Statens vegvesen klaga på dette. Spørsmålet er no til vurdering hos Personvernemnda, og vil truleg bli behandla i løpet av 2006.

Datatilsynet blei i desember 2002 kontakta av Statens vegvesen om oppstart av eit forsøksprosjekt med heilautomatiske bomstasjonar. Forsøksprosjektet skulle gjelde for bompenggeinnkrevjing i Tønsberg og Bergen. Det blei halde ei rekkje møte mellom Datatilsynet og Statens vegvesen i samband med saka. Det blei tydeleg kommunisert som

ein føresetnad frå Datatilsynets side at eit anonymt passeringsalternativ skulle vere på plass før forsøksprosjektet med heilautomatiske bomstasjonar blei sett i gang. Dette blei ikkje følgd opp i løysinga til vegvesenet.

For personvernet er føresetnaden om at alle har rett til anonym ferdsel eit avgjerande utgangspunkt. Retten gjeld ikkje vilkårslaut, men eventuelle unntak må framstå som velgrunna og påtreggjande nødvendige. I denne saka synest det å vere reint kommersielle omsyn som står i mot den enkelte innbyggjars rett til personvern i samband med eigne rørsler.

Statens vegvesen legg opp til at det i framtida skal etablerast fleire bomprosjekt som nyttar seg av ei heilautomatisk løysing der betalingsmiddelet skal vere ei unik brikke i kvar bil. I tillegg er det planlagt å utvide bruksområdet for brikka som betalingsmiddel til å gjelde ferjer, annan transport og parkering.

Prinsipielt er spørsmålet viktig langt ut over dei stadene der stasjonane er etablerte i dag. Det blir no lagt til rette for ein infrastruktur som gjer det mogleg å drive omfattande og systematisk kartlegging av enkeltmenneske. Kartlegginga kan i tillegg vere svært vanskeleg for den enkelte å følgje med på. Det er ikkje akseptabelt at det, for å bøte på manglar ved betalingssystemet, blir fremja ei løysing som føreset eit elles unødvendig inngrep i personvernet for kvar enkelt.

Etter Datatilsynets oppfatning vil elektronisk registrering og/eller kontroll av alle bilar på alle innfartsvegar til byområde og tettstader openbert vere ei krenking av tungtvegande personverninteresser. Dette særleg dersom kvart enkelt individ ikkje sjølv kan velje om det skal registrerast kvar vedkommande var, og til kva tidspunkt han var der.

7.4 Stat og kommune

NAV – ny arbeids- og velferdsforvaltning

Datatilsynet kritiserte forslaget til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltninga for å ha store manglar på personvernområdet. I tillegg påpeikte både Datatilsynet og Helsetilsynet at teiepliktsføresegnene var utflytande og uoversiktlege.

Den nye arbeids- og velferdsetaten vil få svært mange tilsette. Etaten kjem til å yte omlag 16 000 årsverk. Datatilsynet ser ein fare for at arbeids- og velferdsforvaltninga no blir planlagd slik at alle saksbehandlarar skal dele opplysningar om oss alle, utan at det blir mogleg for kvar enkelt av oss å få vite kvar opplysningane tek vegen.

Datatilsynet reagerte også i si høyringsfråsegn på at personvernproblemstillingane berre er

omtalte i generelle vendingar i lovforslaget. Personvernet var etter Datatilsynets meining fråverande i dei konkrete føresegnene, og rekkevidda av teieplikta er omtalt utflytande og uoversiktleg.

For å lage ei akseptabel løysing må ei rekkje prinsipp leggast til grunn, blant anna desse: Ingen må få tilgang til fleire personopplysningar enn dei som dei treng for å løyse arbeidsoppgåvene forsvareleg. Kvart oppslag dei tilsette gjer må loggast, og loggane må kontrollerast.

Datatilsynet har fått inntrykk av at ein ikkje har planlagt å avgrense kva for opplysningar kvar enkelt saksbehandlar skal ha tilgang til i datasystema. Kvar enkelt saksbehandlars teieplikt og integritet vil då i realiteten vere einaste personverngaranti, mens system- og etatsnivået vil kunne avskrive dei fleste feiloppdrag som «menneskeleg svikt».

Personvern og teieplikt – skal løysast gjennom lokale avtalar?

Deling av informasjon mellom kommunal og statleg sektor skal gjerast mogleg gjennom lokale samarbeidsavtalar i kvar enkelt kommune. Dette inneber ei enorm mengd avtalar, noko som igjen gjer det heile svært uoversiktleg og byråkratisk. Forslaget vil kunne medføre store kommunale skilnader når det gjeld personvernnivå og teieplikt.

Problemstillingane rundt personvern og teieplikt blir òg trekte fram i Statens helsetilsyns høyringsfråsegn. Helsetilsynet skriv at lovutkastet opnar for ei formidling av sensitiv informasjon internt i etaten som ikkje kan avgrensast av tenestemottakaren, og som det i tillegg i praksis vil vere umogleg for tenestemottakaren å spore.

Datatilsynet meiner forslaget får eit gammaldags preg ved at ein ikkje har valt å sjå på kva som er mogleg i nyare it-system. Tilsynet føreset at ein i den vidare planlegginga avgrensar kven som skal ha tilgang til kva for opplysningar.

Personvern i interkommunalt samarbeid

Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått å betre rammevilkåra for interkommunalt samarbeid. Målet er å etablere samarbeidsmodellar som i større grad enn i dag legg til rette for at kommunane kan leggje kjerneoppgåver og myndighetsutøving til andre kommunar og interkommunale einingar. Departementet legg til grunn at samarbeid på områda pedagogisk- psykologisk teneste (PPT), kommunehelse og grunnskoleopplæring, vil vere spesielt aktuelt.

Departementet legg opp til at slikt samarbeid mellom kommunane kan oppnåast gjennom to

ulike modellar: Vertskommunemodellen og Samkommunemodellen. Den førstnemnde inneber at kommunen overlet bestemte oppgåver og avgjerdsrett til ein annan kommune (vertskommunen). Samarbeidet skal vere avtalebasert, og medfører ikkje skiping av ein ny juridisk person. Den sistnemnde modellen inneber derimot at det blir oppretta ein ny juridisk person som får overført avgjerdsrett på området.

Datatilsynet vil også i 2006 følge utviklinga på området nøye.

7.5 Politi- og justissektoren Internasjonalt – personvern i politi- og justisfeltet

Bekymringsfull utviding av Schengen informasjonssystem

2005 har vore prega av dei kommande utvidingane av Schengen informasjonssystem (SIS II). Tre rådgivande personverninstansar i EU åtvarar mot forslaget, som dei meiner vil medføre eit lite oversiktleg regelverk på området. Åtvaringa kjem både frå det europeiske tilsynsorganet for Schengen informasjonssystem (JSA), den europeiske dataombodsmannen (EDPS), og den rådgivande personverngruppa i EU (artikkel 29-gruppa).

Forslaget legg opp til at fleire rettsakter skal regulere behandlinga av personopplysningane i SIS. Det er også uklårt om medlemslanda kan fråvike vilkåra i dei ulike rettsaktene, eventuelt i kor stor grad. Av omsyn både til medlemslanda og ikkje minst til enkeltindividet, er det påkravd med klare reglar og lik praksis når det gjeld behandlinga av den enorme mengda personopplysningar SIS inneheld.

Etableringa av SIS II inneber både organisatoriske og funksjonelle endringar. Frå å vere ein sentral database med kopidatabasar i dei respektive medlemslanda, skal SIS II etablerast som ein stor felles database med direkte tilgang frå dei ulike myndigheiter i medlemslanda. Kommisjonen skal ha behandlingsansvaret sentralt, men det er uklårt kor langt Kommisjonen sitt ansvar rekk og kva ansvar medlemslanda sjølve har. Det felles tilsynsorganet JSA, som består av representantar frå datatilsyna i medlemslanda, vil opphøyre, og EDPS vil overta tilsynsfunksjonen.

Ein gigantisk etterforskningsdatabase?

Eit anna kritisk punkt er kva formål SIS II skal ha. Med utvidingar både i forhold til opplysningskategoriar (bl.a. biometriske data og fingeravtrykk) og i forhold til talet på styresmakter som skal ha til-

gang til SIS, har fleire uttrykt bekymring for at SIS II vil utvikle seg til å bli ein gigantisk etterforskningsdatabase, noko som langt frå var det opphavlege formålet med systemet.

SIS-evaluering av Noreg

I september 2005 blei personvernet i Noregs nasjonale del av Schengen informasjonssystem evaluert. Ei ekspertgruppe leidd av ein representant for det britiske datatilsynet stod for evalueringa av Noreg og Island. Evalueringa resulterte i visse tilrådingar, spesielt i forhold til logging av oppslag i systemet, og ei klargjering av SIS-loven når det gjeld funksjonen Datatilsynet har i spørsmål om innsyn, retting og sletting. Ekspertgruppa kom også med ei oppfordring til å finne ei løysing på kva svar personar som ikkje er registrerte i SIS bør få på sine innsynskrav.

Tilsyn i Schengenlanda avdekte ulik praksis

Det felles tilsynsorganet JSA tok i 2004 initiativ til at Schengen-landa skulle gjennomføre tilsyn i sine respektive land i forhold til registrering av personar etter artikkel 96 i Schengen-konvensjonen. Artikkel 96 er registrering av utlendingar som er uønskte i Schengen-området, anten fordi dei er utviste frå eit medlemsland, eller fordi vedkommande utlending representerer ein fare for den offentlege orden eller tryggleik.

Det er Utlendingsdirektoratet (UDI) som i Noreg har ansvaret for innmelding i SIS etter artikkel 96. Datatilsynet gjennomførte tilsyn ved UDI i februar 2005 og fokuserte under tilsynet på autorisasjonsrutinar, grunnlag for registrering av opplysningar, innsyn og sletting av opplysningar. Tilsynsrapporten var ein del av ein felles rapport som JSA utarbeidde. Dei ulike medlemslanda har høgst ulik praksis for kva personar dei registrerer etter artikkel 96. Italia og Tyskland registrerer alle som har fått avslag på asylsøknaden sin, noko som i praksis medfører at desse personane blir nekta innreise i heile Schengen-området, utan at dei har gjort noko ulovleg. Dette er svært urovekkjande, og er eit eksempel på at klare reglar er helt nødvendige når det gjeld behandling av personopplysningar i SIS.

Fingeravtrykk - Eurodac

Hausten 2005 inviterte Personvernombodsmannen for EU (EDPS) til eit samarbeidsmøte om Eurodac, eit sentralt informasjonssystem for samanlikning av fingeravtrykk av asylsøkjjarar og illegale immigrantar.

Informasjonssystemet blir drifta av Kommisjonen, og EDPS har tilsynsansvar for den sentrale

delen av informasjonssystemet. Nasjonale datatilsynsmyndigheiter har tilsynsansvaret for registrering og bruk av systemet nasjonalt. EDPS har gjennomført eitt tilsyn ved det sentrale Eurodac, og foreslo i møtet at dei nasjonale datatilsynsmyndighetene skal gjennomføre tilsvarande tilsyn i sine egne land.

Formålet med ein slik framstøyt er både å undersøkje eventuelle personvernproblem i samband med behandlinga av opplysningane i systemet, og eventuelt å utarbeide felles løysingar på problema. Datatilsynet er svært positivt innstilt til initiativet, og meiner eit slikt samarbeid er ein nødvendig føresetnad for å oppretthalde eit høgt felles personvernivå i forhold til store, sentraliserte informasjonssystem.

Datalagringsdirektivet

EU har foreslått eit regelverk som pålegg tilbydarar av offentlege kommunikasjonstenester å lagre opplysningar om all telefon- og internettbruk kundane har gjort. Regelverket blir grunnlagt med kamp mot terror og organisert kriminalitet.

EUs forslag legg opp til at det skal lagrast såkalla trafikkdata om all telefon- og internettbruk, for eksempel opplysningar om tid og stad for kommunikasjonen, kven som føretok kommunikasjonen, og kva for telefonnummer eller IP-adresser som er nytta. Sjølve innhaldet i kommunikasjonen skal derimot ikkje lagrast. Trafikkdata blir automatisk genererte ved bruk av elektroniske kommunikasjonsnettverk, og omfattar informasjon som skal sikre at kommunikasjonen teknisk sett kan gjennomførast og fakturerast.

Bakgrunnen for forslaget er at eksisterande reglar om lagring varierer frå land til land. EU ser det derfor som nødvendig å harmonisere regelverket i den indre marknaden. I Noreg kan teleoperatørane lagre opplysningane i opp til fem månader, av omsyn til teknisk gjennomføring og fakturering. Men om forslaget blir vedteke, må alle tilbydarane lagre ei utvida mengd data i lengre tid enn det som er tillate i dag, og til andre formål (tiltak mot kriminalitet). EUs forslag legg opp til at trafikkdata genererte ved bruk av fasttelefon og mobiltelefon skal lagrast i minimum eitt år, mens data knytte til bruk av Internett skal lagrast i minimum seks månader.

Forslaget om å påleggje lagringsplikt for trafikkdata har skapt debatt i medlemslanda i EU. Ei sentral innvending mot forslaget har vore dei tvilsame sidene ved lagringa når det gjeld personvern. Denne innvendinga har vore framført av blant anna Artikkel 29-gruppa, som er eit rådgivande organ i

personvernsaker i EU. Gruppa består av representantar frå dei europeiske datatilsyna.

Artikkel 29-gruppa uttaler at terrorisme openbert gir samfunnet ei stor og presserande utfordring, men rår styresmaktene til å svare på utfordringa utan å underminere grunnleggjande menneskerettar. Gruppa legg vidare til grunn at styresmaktene må leggje opp til ei minst mogleg inngripande form for lagring og bruk, og stiller spørsmål ved om denne lagringa står i forhold til problemet ein ønskjer å løyse. Gruppa peiker på at lagringa vil kunne utgjere eit brot på den fundamentale retten til fortruleg kommunikasjon, og at denne retten ikkje bør avgrensast utan at det ligg føre eit presserande behov samtidig som ein tek vare på grunnleggjande rettstryggleiksgarantiar. Gruppa meiner vidare at ein må presisere klårare kva former for kriminalitet som skal kunne gi tilgang til dataa, og kva instansar som skal ha tilgang. Det blir og rådd til at verknaden av regelverket i praksis blir kontrollert og gjennomgått regelmessig dersom det skulle bli vedteke.

Det er i skrivande stund ikkje endeleg avklart om forslaget kjem til å bli vedteke, og om det blir bindande for Noreg. Dersom forslaget ikkje blir direkte bindande gjennom EØS-avtalen, må det likevel ventast eit politisk press for å implementere tilsvarande reglar i Noreg.

Noreg – personvern i politi-, justis- og utlendingsfeltet

Misbruk og kvalitetssikring

To viktige konkrete enkeltsaker som rører ved grunnleggjande personvernproblemstillingar har kalla på Datatilsynets merksemd i meldingsåret. Den eine blei behandla i tilsynet og dreidde seg om ein polititenestemann som i privat ærend (utleige av feriebusstad) gjorde oppslag i politiets register. Potensielle leigetakarar av tenestemannens private utleigeobjekt blei sjekka før avtale skulle gjerast. Saka blei meld til Spesialeininga for politisaker av den fornærma, men Datatilsynet tok også opp saka med Politidirektoratet med spørsmål om politiets rutinar for oppslag, irekna logging, og bruk av politiregister. Det kan synast som om rutinane her er mangelfulle, noko som kan få alvorlege konsekvensar for dei registrerte.

I den andre saka blei Datatilsynet orientert om at ein person feilaktig var blitt registrert i politiets register. Vedkommande fekk kunnskap om registreringa då han etter lang tid fekk brev frå politiet om å stille i retten som tiltalt for 15 ulike kriminelle forhold. I tillegg til dei påkjenningane ein slik tiltale medfører, kunne følgjene blitt alvorlege for ved-

kommande - han arbeidde i eit omsorgsyrke der han kunne fått krav om politiattest. Det tok uforholdsmessig lang tid å få sletta opplysningane. Denne saka viser kor viktig det er at opplysningane i politiets register er godt kvalitetssikra.

Indicia – politiets planlagde etterretningssystem

Eit nytt etterretningssystem for politiet er under etablering. Systemet, med namnet Indicia, skal etablerast som ein søkjefunksjon som hentar opplysningar frå ulike register. Det skal også ha funksjon som eit eige etterretningsregister som skal erstatte registra Krimsys og lokale etterretningsregister. Datatilsynet har peikt på fleire grunnleggjande personvernproblemstillingar i samband med utviklinga av systemet. Det er eit overordna problem at politiets register ikkje har ei god nok forankring i lov. At omfattande endringar skjer utan at heimelsgrunnlaget er på plass, er etter Datatilsynets oppfatning svært urovekkjande.

Indicia skal hente informasjon om enkeltpersonar frå andre register. Dette er problematisk i forhold til kva formål kjelderegistra er oppretta for. Eit søkjeverktøy som skal kunne søkje i register vil fort komme i konflikt med det enkelte kjelderegistret, og vil dermed kunne medføre at innsamla opplysningar blir brukte i strid med formålet dei opphavleg blei innsamla for. Spesielt kritisk er Datatilsynet til at også politiets forvaltningsregister, for eksempel passregisteret, våpenregisteret og delar av utlendingsforvaltningas register – DUF, er tenkt teke i bruk som kjelderegister for Indicia. Her vil problematikken om bruk i strid med formålet med opplysningane vere svært aktuell.

Kvalitetssikring av opplysningane i Indicia inneber også store og viktige problemstillingar. Grunntanken med Indicia er at personopplysningar politiet har til rådvelde skal kunne brukast om att til ulike formål. Det er avgjerande at det er einsarta reglar for kvalitetssikring av opplysningar, slik at opplysningar blant anna blir sletta straks dei er av ringare kvalitet, er dementerte eller liknande. Tilgangsstyring til opplysningane og ansvarsplasing er også grunnleggjande problemstillingar som må bli avklarte. Datatilsynet vil følgje prosessen med etableringa av systemet vidare i 2006.

Biometriske pass

3. oktober 2005 starta ein produksjonen av biometriske pass i Noreg. Datatilsynet har i store delar av 2005 brukt ressursar på denne saka. Bakgrunnen er at mykje er uklårt når det gjeld tryggleiken ved dette passet, spesielt med tanke på lagring og avlesing. Justisdepartementet har gjennomgåande vist

til at internasjonale standardar er malen for tryggleiksnivået i desse passa. Det finst per i dag ingen slike standardar som det er internasjonal semje om. Tilsynet har derfor påpeikt at det er høgst kritikkverdig at passa blir tekne i bruk før alle tryggleiksforhold er klarlagde. Til samanlikning har både USA og Storbritannia utsett innføringa.

Politiattestar

Datatilsynet har gitt ei rekke høyringsfråsegner der temaet har vore krav om framlegging av politiattest. Dette har vore eit tema både for ulike yrkesgrupper og også innan frivillig sektor.

Datatilsynet meiner det er grunn til å spørje om ein har sikra seg når ein har innhenta politiattest, eller om tiltaket like gjerne kan resultere i falsk tryggleik. Er politiattestar alltid eit eigna middel til å nå målet? Temaet er ømtøleg og Datatilsynet har i desse sakene understreka kor viktig det er at ein ikkje innfører inngripande tiltak som medverkar til falsk tryggleik. I dei fleste høyringsbrevha har omtalen av problemet ein ønskjer å løyse vore svært mangelfull.

Datatilsynet observerer at ein i stadig fleire yrke må leggje fram politiattest for å kunne få innpass, og er ikkje overraska over at denne tendensen også spreier seg inn i frivillig sektor. Tendensen blir lett sjølvforsterkande, og er no kanskje blitt umogleg å snu. Hovudgrunngevinga for å innføre krav om politiattest i ulike sektorar og for ulike yrkesgrupper er nettopp at ein krev politiattest også på andre område, og at ein sektor der det ikkje er krav om politiattest dermed kan komme til å tiltrekke seg ueigna personar som ikkje får innpass andre stader. Datatilsynet åtvarar mot ei utvikling der deltaking på dei fleste samfunnsarenaer krev at ein først må klarerast av politiet.

Politiets telefonavlytting

Datatilsynet har ved fleire høve fått spørsmål om kva haldning det har til at forsvararar i straffesaker skal få utlevert opptak av telefonsamtalar som ikkje har relevans for straffesaka. Tilsynet ser at kryssende omsyn gjer seg gjeldande. På den eine sida er det problematisk at påtalemakta skal kunne sile kva som er relevante samtalar i ei straffesak før materialet blir overlate til forsvararen. På den andre sida vil ei utlevering av alle opptak klårt innebære at forsvararen får utlevert ei mengd overskotsinformasjon, altså samtalar som ikkje har noko med straffesaka å gjere og som inneber at uskyldige tredjepersonar blir eksponerte.

Datatilsynet meiner denne problematikken bør greiast ut, og stiller spørsmål om det bør etablerast

ein «tiltrudd tredjepart» som kan gjere ein nødvendig gjennomgang av samtalar før ei utlevering. Ei vurdering av dette spørsmålet kan med fordel gjerast i samband med den planlagde evalueringa av politimetodane som blei innførte ved lovendringane i år 2000.

Forslag til ny utlendingslov

Forslaget til ny utlendingslov reiser mange problemstillingar som rører ved personvernet. Eitt av hovudspørsmåla er kva for opplysningar som skal vere tilgjengelege for utlendingsmyndigheita i vurderinga av om ein person skal få godkjend ulike opphaldsformer. Sentralt er også kva for opplysningar ein skal kunne hente inn om ein person busett i Noreg, ein såkalla «referanseperson», som ønskjer å få godkjend besøksvisum for ein utlending. Etter Datatilsynets meining har utlendingslovutvalet gått altfor langt i å foreslå nærgående undersøkingar av referansepersonane. Datatilsynet meiner at ein må gå ut frå at ein referanseperson som ønskjer at vennen/venninna skal få visum har ærlege intensjonar, og at ein ikkje gjer nærgående undersøkingar med mindre det ligg føre ein klar mistanke om det motsette. Lovforslaget gir etter Datatilsynets meining for vide høve til å samle opplysningar, både vandelsopplysningar og ikkje stadfesta opplysningar. Opplysningar som ikkje er stadfesta, for eksempel opplysningar gitt i trumål til eit krisesenter, vil vanskeleg kunne leggjast fram for referansepersonen, og dermed vere umoglege å imøtegå.

Utvalet har gitt ei svært vag framstilling av kva slags vandelsopplysningar som skal kunne vere med i vurderinga. Datatilsynet meiner det må vere eit lovfesta minstekrav om at opplysningane knyter seg til forhold som let seg objektivt konstatere, og som har innverknad på den framtidige tryggleiken for kjærasten. Eit eksempel på eit slikt forhold kan vere at mannen eller kvinna er dømd for ei eller anna form for brutalitet.

Datatilsynet peikte i høyringsfråsegna på fleire punkt med store personvernkonsekvensar. Forslaget legg blant anna opp til at forvaltninga skal kunne nekte folk opphald dersom ein har «grunn til å anta» at eit ekteskap er inngått mot viljen til ein av partane. Når eit administrativt vedtak kan få store følgjer, er det spesielt viktig med klare og objektive kriterium som grunnlag for vedtaket.

Film- og lydopptak i rettsalen

Datatilsynet gav i 2005 ei høyringsfråsegn til ei utgreiing om større høve til film- og lydopptak av rettsforhandlingar. Ei eventuell publisering av

slike opptak reiser nye problemstillingar. Stadig fleire medium publiserer materialet sitt på Internett. Materialet blir dermed tilgjengeleg og mogleg å søkje på i uoverskodeleg framtid. Datatilsynet meiner dette reiser viktige spørsmål om enkeltmenneskes reelle sjanse til sosial rehabilitering, og utsiktene til integrering i samfunnet etter at soninga er over. Potensielle arbeidsgivarar søkjer ofte på nettet etter opplysningar om jobb-kandidatar. Treff på ein søkjer med filmopptak frå straffesaka til vedkommande, vil høgst sannsynleg svekkje utsiktene til å få arbeid.

Det same omsynet har Datatilsynet lagt vekt på i ei fråsegn til Domstoladministrasjonen når det gjeld publisering av ikkje-anonymiserte dommar. Datatilsynet viser til at ein dom røper ein historisk konflikt, og ofte vil bli sett på som sensitiv av partane i saka i tillegg til at skadepotensialet ved elektronisk publisering er langt større enn ved alminneleg papirbasert publisering.

7.6 Internett

Publisering av sportsprestasjonar og terningkast for utleigarar

Ein karateklubb publiserte ei liste over klubbens meritterte utøvarar. Ein av utøvarane melde seg ut av klubben og bad om å bli sletta frå lista. Leiaren av karateklubben avviste kravet og viste til at yringsfridomen gav han ein rett til å publisere lista. Ei anna sak gjaldt ei leigebuarforeining som opna for at leigetakarar kunne gi terningkast over utleigeobjekt på foreiningas heimeside. Opplysningane skulle fungere som ein rettleier for leigetakarane, og igjen blei yringsfridomen oppgitt som grunnlag for publiseringa.

Personopplysningsloven har ei eiga føresegn som opnar for at personvernomsyna i visse tilfelle må vike for yringsfridomen. Datatilsynet kom likevel til at yringsfridomen i desse tilfella ikkje gjekk framfor personvernomsyna. Tilsynet viste til at det berre kan gjerast unntak frå føresegnene i personopplysningsloven når personvernet kan truge yringsfridomen, og berre så langt det er nødvendig for å oppnå ein tilfredsstillande balanse mellom omsynet til personvern og yringsfridom. Etter tilsynets oppfatning var ikkje dette tilfellet i desse to sakene.

Karateklubben har klaga Datatilsynets avgjerd inn for Personvernemnda, som då årsmeldinga blei skriven ikkje hadde behandla saka.

Min side

Statens etablering av nettstaden «Mi(n) side» med bruk av tryggleiksportal, elektroniske IDar og signaturar er ei kritisk utfordring for informasjons-

tryggleiken. Ei sentralisert tilgjengeleggjering av det offentlege styresmakter veit om befolkninga i Noreg krev gode risikovurderingar og god kontroll i alle ledd.

Statens sjølvpålagde tidsfristar for utvikling av «Mi(n) side», tryggleiksportalen og PKI-løysingar har vore såpass korte at staten ikkje har kunna gjennomføre det ordinære løpet med høyringar og innhentingar av oppfatningane til dei det gjeld. Arbeidet har allereie blitt utsett fleire gonger. Datatilsynet er på ingen måte komfortabel når det gjeld personvernivået på arbeidet til no, noko som òg er kommunisert til dei involverte myndighetene. Datatilsynet har hatt lite høve til å vere proaktiv, men har måtta ta stilling til dei ulike kravspesifikasjonane i etterkant, etter kvart som dei er ferdigstilte. Tilsynet er glad for at Fornyingsdepartementet på slutten av meldingsåret utsette lanseringa av «Mi(n) side» noko, for å kunne ha betre tid.

Datatilsynets bekymring er knytt til tryggleiken innan desse områda:

Ein sentral lagringsstad: Det er tenkt oppretta ein sentral lagringsstad for kommunikasjon mellom det offentlege og befolkninga. Dette kan både dreie seg om e-post og eit såkalla tiltrudd digitalt arkiv. Datatilsynet meiner at ein slik sentral lagringsstad for befolkningas kommunikasjon med det offentlege vil vere tryggleiksmessig uskikkelig og vil skape langt fleire ulemper enn fordelar for befolkninga.

Innsyn for uvedkommande: Eit prinsipp innan personvern er å sikre at ikkje uvedkommande får tilgang til kommunikasjonen av personopplysningar mellom to partar. Ein må, etter Datatilsynets mening, unngå at «Mi(n) side» blir eit senter der dette prinsippet blir brote. Planane for tiltrudd digitalt arkiv vil gå i mot grunnprinsippet om at ikkje uvedkommande skal ha tilgang til personopplysningar. Datatilsynet vil sjå nærmare på planane om å la «Mi(n) side» og tryggleiksportalen handtere ukrypterte personopplysningar på vegen mellom sendar og mottakar.

Ein felles påloggingsmekanisme: For personvernet kan ein sentral påloggingsmekanisme vere ein kritisk faktor. Det kan gi store konsekvensar om ei tilgangsløysing gir tilgang til «alt». Datatilsynet framhevar at ein borgar vil ha mange ulike roller. Det kan vere som tilsett, som politkar, som fotballtrenar, som kasserar i ei foreining og kanskje til og med under pseudonym eller inkognito. Eitt kort, éin ID, og full tilgang til alt, uavhengig av kva rolle ein opptre i, vil lett kunne medføre rolleblending.

Når identifisering er unødvendig, skal det sjølv sagt også vere mogleg å vere anonym. Det bør vere mogleg å laste ned informasjon og skjema utan å

måtte identifisere seg. At borgarar i framtida vil ha elektroniske IDar, vil også føre til at fleire krev vår elektroniske ID før vi får tilgang på tenester eller informasjon. Datatilsynet trur at når elektroniske IDar blir lettare tilgjengelege, vil folk vil få mindre høve til å opptre anonymt enn før.

Fildeling / Handheving av immaterielle rettar på Internett

Opphavsrettens grunntanke er at opphavsmannen skal kompenseras for kopiering og bruk av materialet vedkommande har skapt. Den raske utbreiinga av Internett stiller dei som har rettar til filmar, musikk og andre åndsverk overfor store utfordringar. Korleis kan bruken av opphavsverna materiale på Internett kontrollerast og avgrensast? Problemstillinga er særleg aktuell i forhold til bruk av fildelingstenester, der brukarane raskt og vederlagsfritt kan utveksle filmar, musikk og anna materiale over Internett, utan samtykke frå eventuelle retts-havarar.

Høvet til å handheve opphavsretten er ikkje uavgrensa. Innsamling og bruk av opplysningar, for eksempel om brukarar av fildelingstenester, vil kunne vere underlagd personopplysningsloven.

Datatilsynet ser at bransjen i auka grad overvaker fildelingstenester for å forfølge opphavsrettsbrot. Overvakinga skjer utan at brukaren har informasjon om dette. Det er grunn til å gå ut frå at slik overvaking vil auke i kjølvatnet av nye endringar i åndsverkloven. Endringane inneber blant anna at det i praksis er underlagt straffansvar å forsettlege laste ned ulovleg tileigna filer frå Internett.

Datatilsynet har av rettstryggleiksgrunner stilt kritiske spørsmål ved ei utvikling der private aktørar overvaker brukarar av fildelingstenester. Privatpersonar treng ikkje innrette seg etter dei same prosesskrava som politiet er underlagde under etterforsking.

Mange forhold tilseier at ein bør gå varsamt fram med overvaking av fildelingstenester. Opplysningane som blir innhenta kan truleg klassifiserast som sensitive, fordi dei seier noko om potensielt straffbare forhold. Bruk av slike opplysningar er etter loven underlagd særleg strenge krav. Fildelingstenestene kan dessutan også nyttast til fullt lovlege formål. I tillegg er opplysningane som blir henta inn i hovudsak knytte til datamaskinen som blir brukt på nettet, og ikkje nødvendigvis til den enkeltpersonen som får mistanken retta mot seg, for eksempel eigaren eller hovudbrukaren av datamaskinen.

Datatilsynet vil følge utviklinga på området nøye også i 2006.

7.7 Økonomi og forsikring Forslag til nye kapitaldekningsreglar

Innan økonomi og forsikring ser ein eit tiltakande ønske om lengre oppbevaringstid og gjenbruk av opplysningar. EU har komme med forslag om nye kapitaldekningsreglar for kredittinstitusjonar og verdipapirforetak. Det er foreslått at direktiva i hovudsak skal gjennomførast innan 1. januar 2007. Datatilsynet er varsla av bransjen om at kapitaldekningsreglane kan ha store personvernkonsekvensar. Finansinstitusjonar kan bli pålagde å lagre personopplysningar lenger og i eit større omfang enn kva blant anna bankkonesjonen frå Datatilsynet i dag tillet. Datatilsynet vil vere ein viktig høyringsinstans når lovforslaget blir sendt på høyring.

Kartlegging av inkassobransjen

Våren 2005 blei det gjennomført 11 tilsyn i inkassobransjen. Tilsyna avdekte ulik praksis, spesielt når det gjeld sletting av opplysningar, ansvarsplasing og bruk av kredittopplysningar i verksemda. Datatilsynet har i etterkant av tilsynsprosjektet sett i verk eit arbeid med å sjå på dei ulike problemstillingane. Det er samtidig klarlagt at behandlingssvaret ligg hos inkassobyrået og ikkje hos kreditor som ein tidlegare har gått ut frå.

Datatilsynet vil i 2006 jobbe med å klårleggje når inkassobyråa faktisk har sakleg behov for kredittopplysningar. Somme selskap bruker kredittvurderingar rutinemessig i oppstartsfasen for å kartleggje kredittsituasjonen til skyldnaren. Andre selskap nyttar berre kredittopplysningar når det skal avgjerast om det skal takast rettslege skritt i saka. Bruken blir grunnlagt med «god inkassoskikk». Når ein følgjer god inkassoskikk skal ein ikkje påføre kunden eller skyldnaren unødige kostnader, for eksempel ved å drive inn krav der det er lite eller ingenting å hente.

Personopplysningar skal slettast straks dei ikkje lenger er nødvendige for å oppnå formålet dei blei innsamla for. Dette prinsippet gir lite konkret rettleiing. Bransjen sjølv ønskjer standardiserte retningslinjer for når personopplysningar relaterte til ulike typar krav skal slettast. Norske inkassobyrås forening begynte i 2005, i samarbeid med Datatilsynet, å utarbeide ei bransjenorm som skal fastsetje klårgjerande reglar på området, slik at kvart enkelt byrå veit kva det har å halde seg til.

Sakleg grunn for å nekte forsikring

Datatilsynet støtta i ei høyringsfråsegn Justisdepartementets lovforslag om at forsikringsselskap ikkje skal kunne nekte å gi forsikring utan sakleg grunn. Datatilsynet hadde tidlegare stilt spørsmål

ved kvifor eit stort tal personar blei nekta bilforsikring fordi dei hadde ein betalingsmerknad. Tilsynet mente at dette ikkje kunne utgjere eit sakleg grunnlag for avslag. Forsikring blir ofte sett som vilkår for å kunne ta del i andre gode, og personopplysningar om den enkelte blir brukte for å avgjere om ein skal få forsikring eller ikkje. Avslag på forsikringar med bakgrunn i mindre relevante opplysningar kan få store konsekvensar for enkelt-personar.

Ei stadig meir nærgåande og fininndelt risikovurdering kan medverke til å uthole den solidariske grunntanken i forsikringsordningane, samtidig som personvern for kvar enkelt blir truga.

Kreditt-skåring

I tillegg til opplysningar om betalingsmerknader, likningstal og annan informasjon som seier noko om den økonomiske situasjon til eit føretak eller ein person, baserer no fleire kredittytarar og kredittopplysningsbyrå seg på ei databasert evaluering av kundane etter fastsette kriterium.

Skåring inneber ein statistisk analyse for å føreseie framtidig betalingsåtfærd. Ein slik analyse kan til dømes byggje på samanhengen mellom påreknna betalingsevne/-vilje og faktorar som alder, bustad med meir. Det er berre tillate å bruke tilgjengeleg informasjon frå kredittopplysningsregisteret.

Skåring blir nytta av mange kredittytarar til å avgjere om ein enkeltkunde skal få kreditt. Det betyr at ein kunde for eksempel kan få avslag på ein søknad om å teikne eit mobilabonnement basert på at ho bur i eit belasta område, eller tilhøyrrer grupper som kredittytaren ikkje ønskjer i sin kundekrins. Ho kan bli nekta abonnementet trass i at ho ikkje har negative betalingsmerknader registrert på seg.

Det er spesielt to føresegner i personopplysningsloven som varetek personvernet ved bruk av kredittskåring. Føresegna om informasjonsplikt ved bruk av personprofilar pålegg den behandlingens ansvarlege å informere den registrerte om kva for opplysningstypar som er nytta i kredittskåren (personopplysningsloven § 21). Ytterlegare gir personopplysningsloven § 22 ein rett til informasjon om regelsettet som ligg til grunn for avgjerda som blir teken.

7.8 Helse og forskning

Datatilsynet har i 2005 hatt fleire viktige forslag til forskrifter om nye helseregister på høyring. Helseregister er register/lister der helseopplysningar er

lagra systematisk slik at dei enkelt kan finnast att. Slike register kan blant anna brukast som eit verk-tøy i behandling og i kvalitetssikring av tenester og behandlingmetodar.

Registreringsiveren er aukande. For personvernet er fleire små og emnekonstrerte register å føretrekkje framfor store og «altomfattande» register. Ofte vil slike register gi betre grunnlag for gode forskingsresultat nettopp fordi eit mindre register kan ha betre datakvalitet. Området for desse mindre registra er avgrensa, og ein prøver ikkje å løyse alle problem på same tid. Forslaga som har vore på høyring hos Datatilsynet i 2005 viser at denne budskapet førebels ikkje har nådd fram.

Norsk pasientregister

Norsk pasientregister er planlagt oppretta, ikkje berre personeintydig, men som eit direkte personidentifiserbart register. Datatilsynet er av den oppfatning at ein kan oppnå dei omtalte formåla også ved bruk av ei pseudonym registerform. Registeret er tenkt å følgje pasienten frå fødsel til død, i all kontakt med helsevesenet.

Det blir stadig lettare å samanstillje personopplysningar. Heilskapen blir etter Datatilsynets meining personvernkritisk når ein ser eit personeintydig Norsk pasientregister saman med alle dei andre aidentifiserte registra på helseområdet. Den endringa av NPR som er foreslått, endrar risikobiletet også for alle andre helseregister i Noreg, fordi det vil bli mykje enklare å identifisere enkeltmenneske også i desse registra.

Helse- og omsorgsdepartementet seier sjølv at ei pseudonym registerform er veileigna til å vareta det primære formålet for registeret, nemleg administrasjon, styring og finansiering av helsesektoren. Det gir likevel uttrykk for at ei pseudonym registerform er mindre eigna til å ivareta forskning og kvalitetssikring, enn kva eit personidentifiserbart register er. Datatilsynet nektar ikkje for at det vil vere enklare for enkelte typar forskning med eit direkte personidentifiserbart register. Likevel meiner Datatilsynet at forskning er fullt mogleg, sjølv om ein gir ein betre garanti for personvernet til kvar enkelt. Eit personidentifiserande register er meir inngripande enn eit pseudonymt, og spørsmålet som bør stillast er om personvernet skal vike.

Ulempene ved ei inngripande registerform kan ikkje kompenseras ved bruk av kraftige informasjonstryggingstiltak. Frå eit register som er lagt til rette for at det skal vere enkel tilgang til opplysningar, vil det også vere enklare å hente ut opplysningar til *illegitime* formål. Sjansen for misbruk er

mindre i eit register som er konstruert for å hindre enkel tilgang til identiteten til enkeltpersonar.

Det er ikkje tvil om at personopplysningar kan misbrukast og at feil kan skje. Det er snarare eit spørsmål om tidspunktet for når det skjer. Jo fleire opplysningar og større samlingar, jo større vil sjansane for misbruk kunne vere, og jo større kan konsekvensane bli. Personvernomsyn tilseier derfor at det heller bør satsast på fleire sjukdomsspesifikke register, enn store generelle som forslaget til eit Norsk pasientregister med fødselsnummer legg opp til.

IPLOS – individbasert pleie og omsorg

Per i dag finst det fleire kommunale IPLOS-register (individbasert pleie og omsorg). Desse registra har konsesjon frå Datatilsynet, og registrering er basert på samtykke frå den registrerte. Forslaget til IPLOS-forskrift viser derimot at det er planar om pliktig registrering. Forskrifta har vore på høyring, men er førebels ikkje vedteken. Registeret skal vareta både helse- og sosialfaglege formål, og helseregisterloven vart endra for at det sentrale IPLOS-registeret kunne opprettast.

Reseptregisteret

Reseptregisteret inneheld opplysningar om alle reseptar og rekvisisjonar som er ekspederte ved norske apotek. Registeret har blant anna som formål å følgje forbruket av legemiddel hos dyr og menneske i Noreg og vise endringar over tid. Det skal også kunne brukast til forskning på positive og negative effektar av legemiddelbruk. Registeret er individbasert og pseudonymt, og registrering der er lovpålagd. Den enkelte kan altså ikkje velje om opplysningar om eigen legemiddelbruk skal inn i dette registeret. Av informasjonen som blei gitt til befolkninga då reseptregisteret blei starta, går det fram at metoden som er brukt gjer at det ikkje er mogleg å finne tilbake til kvar enkelt legemiddelbrukar. Dette er ikkje i samsvar med Helse- og omsorgsdepartementets rundskriv av 1/8-2005. Også pseudonyme register skal kunne nyttast for å gå tilbake til enkeltpersonar dersom dette er nødvendig. Desse prinsippa gjeld ikkje for Reseptregisteret, og det fører derfor til avgrensa bruk av dette registeret.

Misbruk av helseopplysningar ved Helgelandssykehuset HF

Datatilsynet blei hausten 2004 kontakta i samband med at ein avdelingsleiar hadde gått inn i journalen til fleire av sine tilsette over ein lengre periode. Etter å ha greidd ut saka vurderte tilsynet informa-

sjonstryggeleiken som så mangelfull at tilsynet sende saka over til politiet. Politiet la bort saka, utan nærmare grunngeving. På bakgrunn av sakas alvorlege karakter godtok ikkje tilsynet dette vedtaket. Datatilsynet klaga, og Statsadvokaten i Nordland oppheva bortlegginga i byrjinga av 2006.

Forslag til ny forskingslov frå Nylennautvalet

Datatilsynet fryktar at forslaget til ny lov om medisinsk og helsefagleg forskning kan medføre meir byråkrati, ikkje mindre, som er den opphavlege intensjonen bak opprettinga av Nylennautvalet. Regelverket for å utøve forskning er i dag omfattande og komplisert. Det er mange involverte offentlege etatar og til dels unødvendig byråkratisk prosedyre. Datatilsynet er einig i at noko må gjerast, men kan likevel ikkje støtte utvalets lovforslag utan atterhald. Datatilsynet meiner forslaget ikkje er eigna til å forenkle regelverket for forskinga. Det framlagte lovforslaget vil, med unntak av prinsippet om «ein postkasse», kunne gjere det vanskelegare å gjennomføre mange forskingsprosjekt som i dag kan gjennomførast med heimel i helseregisterloven og personopplysningsloven.

Datatilsynet spør om ein ikkje heller bør gjere mindre endringar i, og harmonisering av, dei eksisterande lovane framfor å innføre nok ein lov. Ein ny lov vil kunne skape nye tolkings- og gråsoneproblem. Etter 1999 er det vedteke eit helt sett nye helselovar, blant anna personopplysningsloven, helseregisterloven og biobankloven. Talet på lovar, og uklåre føresegner i desse, har i seg sjølv skapt problem.

Med Nylennaforslaget vil det blant anna bli komplisert å avgjere kva lovverk som skal gjelde for prosjekt som grensar mot kvalitetssikring og helseadministrasjon, og for forskning som inneheld samfunnsfaglege element. Helseregisterloven og personopplysningsloven blir ikkje oppheva, og vil dermed framleis omfatte bruk av helse- og personopplysningar som ikkje fell innanfor det saklege verkeområdet for dette lovforslaget. Det blir også vanskeleg å avgjere kva for instans som skal ha tilsyn med kva.

Tilsyn innan helsesektoren

Tilsyn med helseverksemder

Våren 2005 gjennomførte Datatilsynet 10 tilsyn med høvesvis fem klinikkar som dreiv med alternativ behandling i form av akupunktur, og fem tannlegekontor.

I forhold til organisering møtte tilsynet kjende problemstillingar frå allmennlegesektoren. Praksisane var etablerte i kontorfellesskap der ansvaret

for etterleving av regelverket var fragmentert. Det blei igjen slått fast at organiseringa av primærhelsetenesta ikkje passar til regelverkets verksemdsorientering med omsyn til ansvar. For begge grupper var kjennskapen til regelverket liten, og ein hadde komme kort med internkontroll. Erfaringane frå tilsyna blir nytta til å stimulere bransjeorganisasjonane til å opplyse og rettleie sine medlemmer.

Dei minste akupunktørklinikane fører i hovudsak papirjournal. Fleire akupunktørar har ikkje autorisasjon som helsepersonell, noko som medfører at journalen dei fører baserer seg på samtykke frå klienten.

Tannlegane er vesentleg meir teknologiorienterte, og elektronisk pasientjournal er hovudregelen. Men tannlegane som gruppe har komme svært kort i arbeidet med informasjonstryggleik samanlikna med allmennlegane. Datatilsynet besøkte større klinikkar der det ikkje fanst tilgangsstyring til helseopplysningar, og det blei nytta felles brukarar i informasjonssystemet. Dette gjer at det blir umogleg å avdekkje tryggingbrot. Også i forhold til Internett hadde fleire tannlegekontor valt risikofylte løysingar utan at det var noko medvit rundt dette. Det blei også avdekt at somme hadde felles journalsystem på Internett.

Tilsyn med helseføretak

Hausten 2005 gjennomførte Datatilsynet tilsyn med fire helseføretak, og eit større bedriftshelseføretak. Kontrollen med bedriftshelseføretaket gav i hovudsak eit positivt inntrykk, men det fanst noko forbetringspotensial i forhold til intern tilgangsstyring. Kontrollen med dei offentlege helseføretaka hadde fokus på tilgangsstyring internt, og eventuell tilgang mellom føretaka.

Helseføretaka praktiserer generelt ein vid intern tilgangskontroll. Datatilsynet ser behov for å utgreie dette nærmare saman med helsefaglege styresmakter. Dei ulike helseføretaka har vidt ulike prioriteringar og syn på kva som er riktig tilnærming for å sikre forsvarleg tilgangsstyring, både med tanke på å yte helsehjelp og å avgrense eksponeringa av helseopplysningar.

Tilgang til helseopplysningar på tvers av helseføretaka er svært utfordrande i forhold til regelverket, samtidig som det er den enkle vegen for å samhandle på tvers av føretaksgrensene. Tilsynet opplevde somme føretak som løyste all si samhandling gjennom oppslag i journalsystema til kvarandre. Datatilsynet ser behovet for at somme helseføretak blir instruerte til å følgje regelverket på dette området. Eit samarbeid med helsemyndigheitene er initiert på området.

Tilsyn med helseforskning

Datatilsynet gjennomførte 16 tilsyn mot forskingsprosjekt i 2005. Dette var ei oppfølging av eit hovudprosjekt som blei kjørt våren 2004. Tilsyna stadfesta inntrykket som har danna seg tidlegare: Manglande internkontroll, manglande avklaring av ansvar og kven som sit på behandlingsansvaret, og manglande kjennskap til regelverk og/eller konsepsjonsvilkår.

Det er openbert eit stort behov for å halde «trykket oppe» innanfor denne sektoren, både for å medverke til å bevisstgjere forskarane sjølve, og ikkje minst for å auke medvitet ved forskingsinstitusjonane.

Undervedlegg 1**Oversikt over tilsyn i 2005**

Tabell 1.4 Oversikt over tilsyn i 2005

Saksnr.	Sakstittel	Kategori
05/01184	Kvale & co advokatfirma	Advokatfirma
05/00949	Redningsselskapet	Arbeidsliv
05/01003	Vinmonopolet	Arbeidsliv
05/01182	Adecco Norge AS	Arbeidsliv
05/01183	Adecco Norge filial Ålesund	Arbeidsliv
05/01185	Grata Personal AS	Arbeidsliv
05/01186	Absolutt Vikar AS	Arbeidsliv
05/01187	Human Hit AS	Arbeidsliv
05/01188	Vikarhjelpen AS	Arbeidsliv
05/01189	Proffice AS	Arbeidsliv
05/01190	Manpower AS	Arbeidsliv
05/01191	Manpower as - filial Ålesund	Arbeidsliv
05/01192	Proffice Ålesund	Arbeidsliv
05/01193	Bazar Forlag AS	Arbeidsliv
05/01194	Den norske Eterfabrikk AS	Arbeidsliv
05/01268	Søgne Felleskirkelige Råd	Arbeidsliv
05/01274	Oslo Fellestråd	Arbeidsliv
05/01275	Oslo Bispedømme	Arbeidsliv
05/01276	Agder og Telemark bispedømmekontor	Arbeidsliv
05/01278	LOS AS	Arbeidsliv
05/01279	Storebrand	Arbeidsliv
05/01312	Opplysninga AS avdeling Fagernes	Arbeidsliv
05/01342	Vaktselskap, brevleg forundersøking	Arbeidsliv
05/01486	Normarc Fleght Inspection Systems as	Arbeidsliv
05/01156	Ruseløkka barnehage	Barnehage
05/01160	Skytta Barnehage	Barnehage
05/01161	Scala private barnehage as	Barnehage
05/00746	Dolly Dimples Stortingsgata	Fjernsynsovervaking
05/00747	G-sport Triaden	Fjernsynsovervaking
05/00748	Deli DeLuca Norge as	Fjernsynsovervaking
05/00830	Umeldt Lidl Norge	Fjernsynsovervaking
05/00873	Bastø Fosen as	Fjernsynsovervaking
05/00891	Bank 1 Oslo as	Fjernsynsovervaking
05/00892	DnB Nor	Fjernsynsovervaking
05/01506	Platekompaniet	Fjernsynsovervaking
05/01507	Esthetique Norge as - Ski Storsenter	Fjernsynsovervaking
05/01509	Urmagasinet as	Fjernsynsovervaking
05/01510	Mona Lisa Ristorante Bar - Oslo	Fjernsynsovervaking
05/01555	Spaceworld	Fjernsynsovervaking
05/00394	Helse Nord-Trøndelag HF	Forskning
05/00395	Kontroll Helse Nord-Trøndelag HF - Parasuicidregisteret	Forskning
05/00396	Helse Nord-Trøndelag HF - BONT	Forskning
05/00397	Helse Nord-Trøndelag HF - Datatilsynets meldingsnummer 15560	Forskning
05/00398	Helse Nord-Trøndelag HF - Datatilsynets meldingsnummer 13966	Forskning

Tabell 1.4 Oversikt over tilsyn i 2005

05/00399	Helse Nord-Trøndelag HF - Datatilsynets meldingsnummer 1450	Forsking
05/00408	NTNU - Noregs Teknisk-Naturvitskaplege Universitet	Forsking
05/01162	Alternativ til vold	Forsking
05/01195	Nordlandsforskning	Forsking
05/01196	Nordlandsforskning	Forsking
05/01197	Nordlandsforskning	Forsking
05/01206	Høgskolen i Agder	Forsking
05/01208	Høgskolen i Agder - forskingsprosjekt 1	Forsking
05/01209	Høgskolen i Agder - forskingsprosjekt 2	Forsking
05/01249	Universitetssykehuset Nord-Norge HF	Forsking
05/01316	Alternativ til vold - prosjekt Jenter som utøver vold	Forsking
05/00289	Akupunkturklinikken	Helse
05/00290	ABC Klinikken Akupunkturpraksis	Helse
05/00291	Østensjø Homeopati og Akupunktur	Helse
05/00292	Normanns akupunktur og tankefeltterapi	Helse
05/00293	Kalvskinnen Akupunktur og Psykologi as	Helse
05/00294	Akupunkturklinikken	Helse
05/00332	Akinon Senter	Helse
05/00442	Klinikk for alle	Helse
05/00443	Akupunktør Oddbjørg Dragsten	Helse
05/00444	Akupunktør Arne Kausland	Helse
05/01236	Hjelp24 BHT	Helse
05/01251	Helse Finnmark HF	Helse
05/01328	Helse Bergen HF - Avdeling Kysthospitalet i Hagevik	Helse
05/01333	Sykehuset Asker og Bærum HF	Helse
05/00419	SATS Trondheim	Idrett
05/00420	Friskis & Svettis Asker og Bærum	Idrett
05/00421	SATS Tromsø	Idrett
05/00422	Nautilus Gym & Bad as	Idrett
05/00423	SATS Sjølyst	Idrett
05/00424	Elixia Trondheim	Idrett
05/00425	Elixia Middelthunsgate, Oslo	Idrett
05/00426	Elixia Lilleaker	Idrett
05/00427	Elixia Asker	Idrett
05/00428	SATS Bergen	Idrett
05/00429	SATS Aker Brygge	Idrett
05/00525	Birkebeinerarrangementa	Idrett
05/00526	Idrottslaget BUL – Sentrumsløpet	Idrett
05/00527	Oslo Cyklekrins – Styrkeprøven	Idrett
05/00528	Sportsklubben VIDAR - Vårspranget	Idrett
05/00529	Geilo Idrettslag – Skarverennet	Idrett
05/00530	Skiforeninga - Holmenkollen Skimaraton	Idrett
05/00548	Antidoping Noreg	Idrett
05/01198	Treningssenteret SATS Norge AS	Idrett
05/01199	Viking Fotball	Idrett
05/01204	SIS Sportssenter	Idrett
05/01205	Rosenborg BK	Idrett
05/01202	Elexia Norway as	Idrett
05/01248	Friskis & Svettis	Idrett
05/01250	Noregs idrettsforbund og Olympiske komite	Idrett

Tabell 1.4 Oversikt over tilsyn i 2005

05/01289	Skullerud Sport Senter	Idrett
05/01295	Kontroll Nautilus Treningscenter	Idrett
05/00340	Credit & konsulent AS	Inkasso
05/00342	Kreditorforeningen Vest	Inkasso
05/00358	Lindorff as avdeling Trondheim	Inkasso
05/00359	Kreditor	Inkasso
05/00511	Intrum Justitia as	Inkasso
05/00512	Transcom Credit Management Services as - Tidlegare CIS Norge as	Inkasso
05/00513	Aktiv Kapital Norge as	Inkasso
05/00514	Verdigjenvinning as	Inkasso
05/00664	HTH Kjøkken Alnabru as	Inkasso
05/00667	Lefdal Alna	Inkasso
05/00681	Skeidar Alnabru	Inkasso
05/01334	Nye Kripes - Det sentrale straffe- og politiopplysningsregister - SSP	Justis
05/01363	Politidirektoratet - pass og informasjonstryggleik	Justis
05/00700	Kontroll - Ullensaker kommune	Kommune
05/01141	Oslo Nye Teater	Kundeopplysningar
05/01142	Nationaltheateret	Kundeopplysningar
05/01143	Den Norske Opera	Kundeopplysningar
05/01244	Autoservice AS	Kundeopplysningar
05/01245	Snap Drive Lørenskog	Kundeopplysningar
05/01246	Autozentrum AS	Kundeopplysningar
05/01247	Skotvedt AS	Kundeopplysningar
05/01511	Umeldt Mortensrud Bilistsenter	Kundeopplysningar
05/01524	Toyota Norge AS	Kundeopplysningar
05/01535	Honda Motor Europe Ltd	Kundeopplysningar
05/00295	Tannlege Geir Lillejord as	Tannlege
05/00296	Fana Tannhelsesenter	Tannlege
05/00297	Fornebu Tannlegesenter as	Tannlege
05/00298	Colosseumklinikken as	Tannlege
05/00299	Tannlegene på Solsiden da	Tannlege
05/00300	Tannlege Thorleif Weie as	Tannlege
05/00007	Utlendingsdirektoratet	SIS
05/00411	Apalløkka Skole	Utdanning
05/00409	Utdanningssetaten i Oslo kommune	Utdanning
05/00410	Stovner Videregående Skole	Utdanning
05/00473	Heggen Videregående Skole	Utdanning

Vedlegg 2

Personvernemndas årsmelding 2005

1 Samandrag

Dette er Personvernemndas femte årsmelding. I løpet av året har det komme 17 klagar, av desse er ni ferdigbehandla. Datatilsynets vedtak er omgjort heilt eller delvis i fem av dei ni sakene. Dessutan er seks klagar frå 2004 ferdigbehandla. I alt er det altså ferdigstilt 15 klagar i løpet av året.

Saksmengda har auka monaleg i 2005. Dessutan har fleire av sakene vore komplekse og prinsipielle. Personvernemnda kan berre ta stilling i konkrete saker, men ser at det på fleire område er behov for ein sektorovergripande rettspolitisk debatt.

2 Innleiing

Personvernemnda er oppretta med heimel i lov om behandling av personopplysningar (2000:31). Loven trådde i kraft 1.1.2001. Personvernemnda er eit klageorgan for vedtak fatta av Datatilsynet etter personvernloven og etter helseregisterloven (2001:24).

Personvernemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan administrativt underlagt Kongen og Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Personvernemndas arbeid er regulert av personopplysningsloven, forskrifter til denne, samt ein instruks som departementet har utarbeidd. Forvaltningsloven og offentlegloven kjem også til bruk som forvaltninga elles.

Sjølv om departementet utarbeider instruks, inneber dette ikkje noka form for instruksjonsmyndigheit i enkeltsaker. Departementet kan ikkje gi generelle instruksar om lovtolking eller skjønnsutøving.

Personvernemnda skal årleg orientere Kongen om behandling av klagesakene.

3 Medlemmer

Personvernemnda har sju medlemmer som blir oppnemnde for fire år med høve til oppnemning for ytterlegare fire år. Leiar og nestleiar i Personvernemnda blir oppnemnde av Stortinget, mens dei andre medlemmene blir utnemnde av Kongen. Første gongs oppnemning skjedde i 2001. I 2005 blei leiar og nestleiar, samt medlemmene Siv Bergit Pedersen og Hanne I Bjurstrøm, oppnemnde for fire nye år. I tillegg blei det oppnemnt tre nye medlemmer.

Personvernemnda består av følgjande personar:

Jon Bing, leiar
Gro Hillestad Thune, nestleiar
Siv Bergit Pedersen
Hanne I Bjurstrøm
Tom Bolstad
Leikny Øgrim
Jostein Halgunset

I tillegg er det oppnemnt personlege vararepresentantar.

4 Andre organisatoriske forhold

Sekretariatet til Personvernemnda har fram til desember 2005 vore advokat Camilla Sivesind Tokvam. Avtalen gjekk ut 1.12.2005 og Moderniseringsdepartementet bestemte at ein skulle prøve ei tilsetjing i departementet med arbeidsstad i sekretariatet, i første omgang som ei prøveordning for eitt år. I november blei det utlyst ei 80 % stilling i sekretariatet som ei mellombels tilsetjing for inntil eitt år. *Primo* desember 2005 blei Tonje Røste Guliksen tilsett som seniorrådgivar i departementet, med tiltreding 1.3.2006. Ho skal fungere som sekretær for Personvernemnda fram til 1.3.2007.

Personvernemnda tok departementets avgjerd om omorganisering av sekretariatet til etterretning. Nemnda meinte likevel at sjølve framgangsmåten var uheldig, nemnda var ikkje blitt overtydd om at omlegginga ville føre til ei innspa-

ring (som var oppgitt som hovudgrunngeving for omorganiseringa), og nemnda frykta at tilsettinga kom så seint at perioden utan sekretariat (2-3 månader) ville medføre ei uheldig forseinking i nemndas arbeid med klagesaker.

Etter omstenda er likevel nemnda nøgd med at omlegginga på sikt ser ut til å sikre arbeidsforholda for nemnda.

Personvernemnda held sine møte i lokale utanfor Datatilsynet og Regjeringskvartalet for også på denne måten å markere sjølvstende.

Personvernemnda har si eiga heimeside, www.personvernemnda.no, der blant anna vedtaka er publiserte fullt ut. Heimesida har lenke frå Datatilsynets heimeside, og lenker til personvernrelatert materiale tilgjengeleg på Internettet. Personvernemndas vedtak blir òg publiserte i ein eigen database hos Lovdata lenka til det andre dokumenterte materialet. Dermed kan ein brukar lett slå opp på Personvernemndas vedtak ved oppslag på paragraf i personopplysningsloven, andre lovar, dommar mv. som vedtaka viser til.

5 Møte og konferansar 2005

Personvernemnda har i 2005 hatt i alt 15 møte. Møta blei i hovudsak nytta til å behandle klagesaker, men også administrative forhold som arbeidsform, organisering av sekretariatet og saksbehandling, samt vurdering av budsjett og budsjettforslag for 2006 har blitt behandla i møta. I tillegg til nemndmøte har det vore førebuande møte med sekretariatet og ein eller fleire medlemmer, pluss enkelte tilsvarande møte i samband med behandling av klagesaker.

Personvernemnda har hatt fem møte med departementet.

Leiar Jon Bing og sekretær Camilla Sivesind Tokvam deltok på den internasjonale konferansen for datatilsynsmyndigheiter i Montreux, Sveits 14.-16. 9.2005.

Personvernemnda ytte økonomisk støtte til «Personvernkonferansen 2005», som blei arrangert av Avdeling for forvaltningsinformatikk, Universitetet i Oslo, den 5.12.2005. Personvernemndas medlemmer deltok på konferansen, men var tilbakehaldne med å gi uttrykk for haldningar til faglege spørsmål i tråd med Personvernemndas ønske om å reindyrke rolla som klageorgan. Tema for konferansen var fjernsynsovervaking.

Konferansen tok sikte på å kaste lys over kva slik overvaking er, kva for rettsreglar som gjeld og kva for sosiale konsekvensar ho kan få.

6 Klagesaksbehandling

Personvernemnda mottok i 2005 totalt 17 klagesaker. Ni av desse var ferdigbehandla ved utgangen av året. Oversikt over vedtaka, samt vedtaka i sin heilskap, er publisert på Personvernemndas heimesider. I tillegg er vedtaka publiserte i eigen database hos Lovdata.

Saksmengda har auka monaleg i 2005 i forhold til tidlegare år. Fleire av sakene har vore prinsipielle. Personvernemnda vil særleg trekkje fram spørsmålet om anonym ferdsel på offentleg stad, som stod sentralt i sakene PVN-2005-09 Det Mosaiske Trossamfund og PVN-2005-11 Statens vegvesen.

I sak PVN-2005-11 slutta Personvernemnda seg til Datatilsynets oppfatning av at spørsmålet om retten til å ferdast anonymt på offentleg stad, og elles til å opptre anonymt i samfunnet, er eit grunnleggjande rettspolitisk spørsmål av sentral verdi for personvernet. Det er òg eit spørsmål som er sektorovergripande. Det ville vore sterkt ønskeleg at ein kunne ta stilling til dette spørsmålet generelt, ikkje berre i ei konkret sak. Men Personvernemnda er bunden til å avgrense si saksbehandling til ei vurdering av den konkrete klagen. Personvernemnda kommenterte likevel at den oppsplitting i konkrete klagar som er nødvendig for prøving av enkeltvedtak ikkje må få lov til å erstatte ein meir prinsipiell rettspolitisk debatt.

I sak PVN-2005-01 Lydbandopptak tok Personvernemnda stilling til det saklege verkeområdet for personopplysningsloven ved tolking av § 3. Av dette vedtaket går det fram at Personvernemnda fann kommentarane til forarbeida til personopplysningsloven § 3, 1.ledd *litra* a og b utilstrekkelege for å klargjere det saklege verkeområdet, og tolkinga av kriteriet «elektroniske hjelpemidler» blei utdjupt. Ein fann òg visse inkonsistensar mellom personopplysningsloven § 3 og kapittel VII om fjernsynsovervaking. Også i sak PVN-2005-09 Det Mosaiske Trossamfund er det ein diskusjon av visse føresegnar om fjernsynsovervaking. Det er f. eks. påpeikt at loven ikkje regulerer overvaking av private område, og ikkje løyser spørsmålet når den behandlingsansvarlege av praktiske årsaker ikkje kan varsle om overvaking av offentlege område ved skilting mv. Nemnda går ut frå at desse og andre prinsipielle merknader i vedtaka vil ha interesse i samband med den pågåande revisjonen av loven.

Saker som er behandla i 2005 er:

Klage på Datatilsynets avvising av å påleggje Wiersholm, Mellbye & Bech advokatfirma å slette lydband-opptak

PVN-2005-1. Ein advokat hadde gjort opptak av samtalar med den andre parten i ei sak som stod for retten. Opptaka var gjorde utan å informere den andre parten. Den andre parten kravde at opptaka blei sletta. Personvernemnda kom til at lydopptaka ikkje representerte noko personregister under tilvising til bl.a. Rt-1991-616 (Gatekjøkkenkjenninga), og derfor ikkje fall inn under det saklege verkeområdet for personopplysningsloven etter personopplysningsloven § 3, 1.ledd litra b. Ved tolkinga av personopplysningsloven § 3,1.ledd litra a vil også behandling av personopplysningar med «elektroniske hjelpemidler» falle inn under lovens saklege verkeområde. Personvernemnda kom til at dette kriteriet måtte forståast slik at behandlinga skjedde automatisk, dvs. utan at menneske styrte opptaket. Tilvising til forarbeid og utanlandsk rett. Personvernemnda framhever at sjølv om tilfellet ikkje fell inn under det saklege verkeområdet for personopplysningsloven, kan det ha innverknad på personvernet for den enkelte, og viser i den aktuelle saka til karakteristikkk av opptak av telefonsamtalar utan å informere den andre parten i Rt-1997-795.

Klage på Datatilsynets vedtak om å avvise sak med krav om innsyn i innbetalt forsikringspremie

PVN-2005-2. Saken galdt spørsmål om innsyn i to typar opplysningar i samband med ein ytingsbasert, kollektiv personforsikringsavtale mellom eit forsikringsselskap og tidlegare arbeidsgivar. Opplysningane utgjorde konkrete tal, men var resultatet av ei berekning og då derfor «ingen anvendeleg informasjon om hvilken innbetaling som forsikringstakar reelt sett har gjort for det enkelte medlem». Personvernemnda kom til at det var personopplysningar, og derfor gjenstand for innsyn.

Dinest tok Personvernemnda stilling til om ein kunne gi innsyn utan omsyn til tieplik i forsikringsavtaleloven § 17-2. Under tilvising til klåre fråsegner i forarbeida kom ein til at innsynsretten kunne gjerast gjeldande.

Endeleg tok Personvernemnda stilling til om ein kunne gi innsyn utan omsyn til tieplik i forsikringsverksemdsloven § 1-3, og kom til at opplysningane ikkje vedgjekk «andres forretningssmessige forhold». Personvernemnda uttaler også at tieplikta i forsikringsverksemdsloven § 1-3 vil stå tilbake for innsynsretten etter personopplysningsloven.

Klage på Datatilsynets vedtak om avvising

PVN-2005-3. Saken gjeld nettstad som inneheld kritiske kommentarar til behandlinga av barnevernsaker og relaterte spørsmål. Personvernemnda kjem til at nettstaden behandlar personopplysningar, men fell innanfor personopplysningsloven § 7, som avgrensar bruk av loven for «journalistiske, herunder opinionsdannende, formål». Det blir vist til diskusjonen i forarbeida av forholdet til Grunnloven § 100 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen, jf. Ot prp nr 92 (1998-1999) *Om lov om behandling av personopplysninger (personopplysningsloven)*, særleg pkt. 11.6. Personvernemnda presiserer at nettstadene må, på same vis som andre media, overhalde og respektere føresegner som gjeld omtale av enkeltpersonar.

Klage på Datatilsynets vedtak om å forby «koplingsbru» mellom helseregister

PVN-2005-4. HUNT hadde etablert ei «koplingsbru» som gjorde det mogleg å kople aidentifiserte forskingsregister med diverse sentrale helseregister i Noreg. Brua blei oppbevart og administrert av Statistisk sentralbyrå. Dei filene som forskarane får tilgang til, vil i praksis framstå som fullstendig anonymiserte. Datatilsynet meinte at koplingsbrua representerte ein risiko for den registrerte. Rett nok er det slik at jo fleire variablar ein har registrert om kvart individ, jo meir mogleg er det - reint teoretisk - å finne ut kven denne personen er («bakvegsidentifisering»). Men det at koplingsbrua finst, tilfører i denne samanheng ingen risiko ut over den som ligg der frå før. Personvernemnda kom til at samfunnet si interesse i at behandlinga skjer klårt overstig ulempene for kvar enkelt, og tillet at koplingsbrua blir oppbevart i 10 år rekna frå 1.1.2003. Datatilsynets vedtak blei omgjort.

Klage på Datatilsynets avgjerd om å trekkje tilbake ei tidlegare fråsegn om at fakturautstederar skal kunne få utlevert fakturamottakars e-postadresse frå banken til fakturamottakaren ved inngåing av tenestavtale om e-faktura

PVN-2005-5. Klagaren hadde kravd å få utlevert e-postadresser som kundar hadde gitt til ein bank i samband med avtale om e-faktura. Personvernemnda kom til at banken var behandlingsansvarleg, og derfor ikkje kunne utlevere opplysningane utan etter samtykke frå kunden. Datatilsynet hadde avvist saka, Personvernemnda sluttar seg til denne vurderinga og uttaler at saka fortonar seg «mer som en interessekonflikt mellom to næringsdrivende om funksjonelle sider ved e-fakturatjenesten enn et spørsmål om å ivareta kundenes personvern og rettssikkerhet». Klagen førte ikkje fram.

Klage på vedtak om delvis avslag på konsesjon til å behandle helseopplysningar

PVN-2005-7. Statens folkehelseinstitutt (FHI) søkte løyve til å opprette forskingsfil for studiar av sosiale og etniske forskjellar i perinatal helse. Registeret inneber ei samanstilling av to etablerte register, Medisinsk fødselsregister og Dødsårsaksregisteret, og vidare samanstilling med fødelandsregister og utdanningsfil frå Statistisk sentralbyrå. Den registrerte pasientgruppa omfattar mor, far og barn som er registrerte i Medisinsk fødselsregister, totalt ca 2,2 millionar personar. Datatilsynet gav konsesjon under føresetnad av sletting etter fem år, og at utlevering til ekstern bruk kravde ny konsesjon. Dette blei påklaga. Personvernemnda kom til at helseregisterloven § 8, 1.ledd må tolkast slik at registeret krev heimel i forskrift. Klagen blei ikkje teken til følgje.

Klage på Datatilsynets vedtak om delvis avslag på søknad frå Kreftregisteret om konsesjon for to forskingsprosjekt

PVN-2005-8. Kreftregistret søkte om forlengd konsesjon bl.a. for to prosjekt som tok sikte på å klårleggje kreftrisiko blant tilsette i mineralullindustrien og aluminiumsindustrien. Datatilsynet avslo konsesjon under tilvising til at det ikkje låg føre samtykke, og at interesseavveging i personopplysningsloven § 9, 1.ledd litra h ikkje klart oversteig den enkeltes interesse i personvern. Personvernemnda presiserte at samtykke frå den registrerte er hovudregelen, og at ein berre kan vike frå denne regelen når det ligg føre tungtvegande omsyn, jf. PVN 2004-01 STAMI. I dette tilfellet såg Personvernemnda risikoen for fråfall av kohorten grunna unntak frå regelen, jf. personopplysningsloven § 8 litra d. Personvernemnda meinte òg at samfunnets interesse i betre å forstå og kunne forebyggje kreft klart overstig ulempene for den enkelte i dette tilfellet. Saka blei sendt tilbake til Datatilsynet, som har kompetanse til å gi konsesjon for prosjekta.

Spørsmål om fjernsynsovervaking av området nær lokala til Det Mosaiske Trossamfund i Oslo

PVN-2005-9. Saka galdt to spørsmål.

1. Spørsmål om oppbevaring av opptaka utover fristen på sju dagar, jf. personopplysningsforskrifta § 8-4. Personvernemnda tillét oppbevaring inntil 30 dagar med særleg pålegg om sikring av opptaka, jf. personopplysningsloven § 46.
2. Spørsmål om å tillate overvaking av i det vesentlege offentleg stad, men òg ein liten del av eit område for ein «avgrenset krets av personer som

jevnlig ferdes» (privat hage). Overvakinga bruker eit kamera med zoom-funksjon som dekkjer eit forholdsvis stort område. Personvernemnda kom til at den behandlingsansvarleges interesser ikkje oversteig dei overvaka si interesse i personvern tilstrekkeleg til at ein kunne tillate overvakinga av det offentlege rom utanfor der kor overvakinga var varsla ved skilting, personopplysningsloven § 37, 1.ledd jf. § 8 litra f. Overvaking av nærliggjande privat område, der ein avgrensa krins av personar jamleg ferdast, blei tillaten etter personopplysningsloven § 38, jf. § 37, 1.ledd og § 8 litra f. Personvernemnda føresette likevel samtykke av eigaren.

Fråsegn om tolking av personopplysningsloven § 40.

I interesseavveginga skilde Personvernemnda seg i eit fleirtal og eit mindretal. Vedtaket pkt. 2 er utforma på grunnlag av fleirtalets syn.

Klage på vedtak om pålegg om sletting av kundeopplysningar

PVN-2005-10. Ved kjøp av bil overfører forhandlaren visse opplysningar til importør, som gjennom kjøpsavtalen blir part i denne med sjølvstendige plikter overfor kunden. Saka gjeld kva for opplysningar om kunden som importøren kan overføre til ein ny forhandlar som kunden ikkje har hatt kontakt med, og som det då heller ikkje er etablert noko avtaleforhold med. Personvernemnda kom til at når formålet for ny forhandlar er kundeinformasjon og marknadsføring kan berre behandling av namn, adresse og det forholdet at den registrerte er kunde hos importøren grunnvist i personopplysningsloven § 8 litra f.

Datatilsynets vedtak blir stadfesta.

7 Rekneskap og budsjett for 2005

Personvernemnda hadde i 2005 ei budsjettramme på kr 1 100 000, som kjem fram under kap 1500 Moderniseringsdepartementet i statsbudsjett for 2005. På grunn av auka saksmengd blei det første halvår klart at nemnda ville trenge større ressursar enn opphavleg budsjettert, og i samråd med departementet blei budsjettet auka til 2 100 000.

Totalt forbruk: kr 2 035 893. Personvernemnda disponerte løyvinga til innkjøp av nødvendig litteratur, utstyr, tenester, drift og oppdatering av heimesider, økonomisk støtte til konferanse, deltaking på konferanse for tilsynsmyndigheiter, arbeidsgodtgjersle og reisegodtgjersle til nemndas

medlemmer, godtgjersle til sekretariat og leige av møtelokale.

Oslo, 14. mars 2006
For Personvernemnda
Jon Bing (leiar)

Offentlige etatar kan tinge fleire eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Kopi- og distribusjonsservice
www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og pris får ein hos:
Akademika AS
Avdeling for offentlege publikasjonar
Postboks 84 Blindern
0314 OSLO
E-post: offpubl@akademika.no
Telefon: 22 18 81 00
Telefaks: 22 18 81 01
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen finst på Internett:
www.odin.dep.no

Omslagsbilde: Departementenes Servicesenter

Trykk: Lobo Media AS - 10/2006

